Sigbjørn Tore Tenfjord

# Juridisk ordliste

Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo

# Innhald

**Føreord til Juridisk Ordliste av Asgeir Olden ..... 4**

**Innleiing til Juridisk Ordliste av Asgeir Olden ..... 5**

**Juridisk Ordliste av Sigbjørn Tore Tenfjord ..... 14**

Bokmål-nynorsk ..... 14

Nynorsk-bokmål ..... 65

**Etterord av Håvard Tangen ..... 68**

# Føreord til Juridisk ordliste av Asgeir Olden

Sidan Nikolaus Gjelsvik gav ut *Juridisk Ordliste* i 1929, har det ikkje skjedd særleg i arbeidet med det nynorske rettsmålet. Einskilde unntak har funnest, men dei har vore få og spreidde. Denne boka er ein freistnad på å gjennomarbeide og systematisere dei viktigaste orda og omgrepa i «juridisk sprogbruk» og gje dei nynorske avløysingsord. Ei avløysingsordliste som denne har likevel klåre avgrensingar. Forklaringar og tilvisingar finst ikkje. Noko av dette har eg prøvt å bøte på med å setje inn døme, men det er sjølvsagt ikkje nok. Dessutan er ikkje alle framlegga til avløysingsord like gode. Brukarane må prøve seg fram heile tida. Til hjelp har eg skrive ei rettleiing for bruken. Eg vil seie det så sterkt at denne **må** lesast før ein tek til å bruke ordlista. Nynorske **ord** kan aldri åleine gjere eit godt språk.

Eg vonar å fremje eitt stort mål med denne boka – at so mange som råd skal ta til å bruke nynorsk når dei skriv om juss og juridiske emne. Denne boka kan vere med på å byggje opp ein standard for nynorsk rettsmål. I mine auge har dette mykje å seie. Dersom kvar mann skal lage si eiga norm, vert det så mykje arbeid at eit fåtal greier å gjennomføre det. Ei norm vil dessutan kunne vere med å bryte ned myten om at nynorsk ikkje eignar seg som rettsmål.

I arbeidet med denne boka har eg hatt hjelp av fleire. Alle har sin del i at ho no ligg føre. Særleg takk går til professor Mons Sandnes Nygard. Han har lånt meg sine private notat og har elles gjort eit stort arbeid for nynorsk rettsmål i Sivillovbokutvalet. Utgjevaren og konsulentane deira har òg vore til stor hjelp. Eg takkar alle. Hovuddelen av arbeidet har likevel falle på meg. Eg må difor også ta ansvaret for det som står og ikkje står. Lukke til.

Bergen i november 1975

Asgeir Olden

Det er gjort nokre mindre endringar i 2. opplaget. Dei fleste er trykkfeil i 1. opplaget som er retta opp. 3. opplaget er uendra opptrykk av 2. opplaget.

# Innleiing til Juridisk ordliste av Asgeir Olden

**Treng vi ei avløysingsordbok?**

Jus-studentar og juristar med nynorsk til hovudmål går ofte frå morsmålet sitt før eller seinare. Årsakene er mange. Det språklege og sosiale presset frå riksmålsjussen og det juridiske miljøet har utan tvil mest å seie. Likevel er det eit faktum at alternativet har mangla. Studentar og folk som arbeider i juridiske yrke, har i stor mon måtta lage sitt eige språk når dei skulle skrive nynorsk rettsmål. Resultatet er ein nok har fått utvikla eit slikt, men at lite er gjort for å samle og systematisere dette. Unntaket i så måte er først og fremst Nikolaus Gjelsvik. Det er likevel to grunnar til at vi ikkje kan byggje fullt ut på arbeida hans. Den første er at dei ikkje femner vidt nok. Den andre er at det meste av det Gjelsvik skreiv på nynorsk er i ei språkdrakt dei fleste vil kjenne unaturleg i dag.

Eg meiner difor at ei fornorskingsordbok av det slaget som ligg føre her, er rettkomen – og at ho trengst. Men eg vil streke under at ei slik bok berre kan vere eit første steg på vegen. Eit nynorsk rettsmål kan ikkje springe ut av ei ordliste. Det er i tilfelle bruken av ho som kan gjere boka til ein nyttig reiskap. Dersom ordlista vert brukt – og brukt med kritikk – trur eg likevel at vi kan kome eit steg vidare.

**Språket i ordlista**

Eg ser ei rad mogelege løysingar på spørsmålet om kva språk som skal rå i jussen. Den eine er at riksmålet skal vere einerådande som det stort sett er i dag. Den andre at riksmålet skal oppnorskast til eit slag bokmål – og at nynorskjuristane skal hengje seg på denne lina. Desse to løysingane avviser eg utan vidare. Vi har eit skriftspråk som er full utbygt og fullt tenleg. Me kunne like gjerne leggje nynorsken i grava om vi ikkje trudde han kunne nyttast like godt på alle område.

Likevel kan ein velje ulike framgangsmåter. Ein er å ta opp mest råd av det gamle norske rettsmålet. Ein annan er å leggje rettmålet så nær opp til daglegmålet og ny rettskriving som råd. Eg har i hovudsak bygt på denne siste måten, men har nytta eldre ord og uttrykk så langt dette har høvt. Vi skal òg vere merksame på at mange eldre ord er så mykje nytta at vi knapt tenkjer på opphavet når vi nyttar dei.

Mange kjem til å meine at eg øydelegg jusspråket som vitskapsmål med dei løysingane eg gjer framlegg om. Eg er usamd i dette. Eg vil gjerne nytte høvet til å sitere frå innleiinga til Nikolaus Gjelsvik si *Juridiske Ordliste*: «Rettstankane er jamnast enkle og klaare i seg sjølv. Det gjeld berre aa gjeva dei ei enkel og klaar form. Eller klæda dei i ein folkeleg bunad, so dei ikkje vert altfor

avkjennelege. Det norske fokemaalet er her til stor hjelp, naar ein berre lærer seg til aa nytta ut dei fyremunene det hev.»

Dessutan må ein spørje – vitskap for kven? Skal jussen vere til for dei som likar seg best i latinen og tysken? Eller for å seie det på ein annan måte – skal ein vere nøydd til å lære seg eit nytt språk når ein skal lære eller bruke jussen? Svaret mitt er enkelt nok. Det skal vi ikkje. Det vil alltid vere slik at det er vanskelege ord og uttrykk i jussen. Like eins vil det alltid kunne finnast vanskar med uttrykksmåten. Då kan ein velje mellom å drukne innhaldet i eit blømande språk, eller å uttrykkje seg klårt og folkeleg. Eg er ikkje i tvil om kva ein står seg på. Det er sjeldan slik at ein vinn noko i klårleik med å uttrykkje seg vanskeleg og omstendeleg. Vi kjem aldri bort frå at at det er ein viss tanke som skal fram – ikkje visse ord. Orda skal berre vere ei hjelperåd for tanken.

Eg kjenner likevel ingen vitskapar som har eit så blømande språk som jussen. Men ingen må la seg lure til å tru at det er eit levande språk. Eller meiner nokon at dette er ein god måte å uttrykkje seg på: «Overflod av penger er forbeholdt et fåtall. Derimot er de aller fleste ganske vel utstyrt med behov. En rekke av disse behov lar seg ikke tilfredsstille uten betydelige uttellinger. Dette er ensbetydende med at vi i større eller mindre grad er henvist til å resignere, i den forstand at behovenes tilfredsstillelse i høyden blir ein forjettende dagdrøm ...» (Kristen Andersen: *Kjøpsrett*).

Slik skriv dessverre mange juristar. Eg kan ikkje skjøne kva det har med god juss å gjere.

På den andre sida ventar eg kritikk fordi eg tar med for mange side- og klammeformer i omsetjingane mine. Det er mogeleg at dette er ein rett kritikk. Men eg har ikkje lyst til å stille meg opp som overdommar i striden om kva som kan nyttast i nynorsk og kva som er dårlege ord. I nokon mon vil vel også dette skifte litt frå landsdel til landsdel. For somme kan eit ord vere naturleg medan det for andre slett ikkje høver med deira måte å skrive og tale på. I alle høve har eg strekt meg langt i å ta med former som **kan** nyttast.

## Oppbygginga av ordlista

Dette er ei avløysingsordbok. Alt i dette ligg det avgrensingar. For det første vert det ikkje plass til lovtilvisingar og interne tilvisingar som kunne gjere forståinga lettare. Eg har prøvt å bøte litt på dette med å setje inn ein del døme. Særleg ord som kan ha ulike tydingar har eg prøvt å gje nokre døme på ulik eller særleg bruk. Desse er meint å vere rettleiande. I somme samanhengar kan dei døma eg har sett inn, vere heilt ubrukelege. Dette får folk vurdere sjølve. Grunnen til at døma likevel er med, er at eg trur dei til ein viss grad kan hjelpe på mangelen av tilvisingar. Dessutan at ein lettare skal kunne finne andre løysingar. I tillegg har eg ei lita von om at somme skal kunne lære litt om måten å skrive om til nynorsk på.

Den andre avgrensinga ligg i framhaldet av dette. Dersom ein skal lage ei avløysingsordbok, vil alle ord vere rivne ut av samanhengen. Då er det utan vidare klårt at bruken av avløysingsorda ikkje gjev seg sjølv. Og det er klårt at ein ikkje kan få med seg alle mogelege ord eit einskildord kan omsetjast med. Eg har prøvt å få med dei mest sentrale. Eg meiner at det er upraktisk og ugjerleg å få med alle. Ein bør difor ikkje lure alfor mykje om ein ikkje finn akkurat den tydinga ein er ute etter.

Ei praktisk avgrensing ligg i talet på ord som kan vere med. Grensene må dragast i to leier. På eine sida må ein prøve å halde seg til dei orda som er spesielle for jussen eller som er mykje nytta i jussen. På den andre sida må ein utelate altfor spesielle ord. Dersom ein til dømes leitar etter dei mange spesialutrykka i sjøretten i denne ordlista, kjem ein ikkje til å ha særleg hell med seg.

Grensene vil i alle høve måtte dragast. Eg har gjort det etter beste skjøn. Slik lista nå ligg føre, er det med om lag 2500 bokmålsord med omsetjingar. Eg meiner at desse utan vidare gjev grunnlag for sjølv å omsetje minst 3-4000 ord til. Dette gjeld særleg ord som tar til på same førestaving som ord i lista. På same måten med substantiv, verb og adjektiv/adverb med opphav i same ordstammen. Meir om dette seinare.

Eit anna punkt eg vil ta opp her, er omsetjing av eitt ord med eitt ord. Eg har kanskje følgt lina med å omsetje eit bokmålsord med einskildord på nynorsk litt for langt. Ofte er det best å skrive om. Eit ord som «avhengighet» har eg til dømes omsett med «ufridom, usjølvstende, tilknyting». I mange høve kan det vere kunstig å bruke desse omsetjingane. Full omskriving vil då vere det beste, til dømes: «grunnen til at han ikkje stod fritt, var ...», «ho var sterkt knytt til A», «A har utnytta at B ikkje kunne greie seg utan henne», osv. I prinsippet må kvar omsetjing vurderast på same måten. Det er slett ikkje sikkert at eit einskildord er den beste løysinga. Ofte er det rett og slett gale.

Eg har teke med framandord så langt eg meiner å ha fornuftige framlegg til avløysingsord. Ein del av avløysingsorda er kanskje ikkje heilt gode. Difor har eg jamt over sett til framandordet saman med avløysingsorda. Sikkert er det at vi har langt att før framandorda kan få avløysing av norske ord til rettsmålet. Men ein stad må ein ta til.

Til sist her vil eg peike på at eg ikkje har skilt mellom alle dei ulike tydingane eit ord kan ha. Eit skråstrek kunne gjerne vere på sin plass her og der. Eg har likevel funne at dette var upraktisk. Skråstreka ville ikkje seie noko om **kva** ordet tydde i den særskilde samanhengen, og då ville vi vere like langt. Dessutan går eg ut frå at dei som nyttar ordlista, vil kjenne såpass mykje til stoffet at dei utan vidare vil skjøne når eit ord skal nyttast i eine eller andre samanhengen.

**Avløysingsorda**

For kvart bokmålsord finst det jamt over meir enn ei omsetjing til nynorsk. Unntaka er dei fast innarbeidde nynorske rettsomgrepa. Men også her har eg stundom gjort framlegg om fleire avløysingsord. Dette kjem av at ordbruken ofte er litt utflytande – det er ikkje støtt ein brukar orda heilt nøye. Då kan eit anna ord enn det vanleg brukte vere like godt.

Det som i alle høve er klårt, er at ein ikkje kan få med seg alle mogelege avløysingsord. Utveljinga er gjort etter skjøn, men eg vil tru at dei mest sentrale avløysingsorda er komne med.

På den andre sida er det like klårt at kvart einskilt avløysingsord ikkje er like godt i alle samanhengar. Her får folk prøve seg fram. Døma er sette til for å vere til ei viss hjelp i dette. Elles får folk lite på eigen språksans.

Eg vil også leggje til at ikkje alle avløysingsord går like godt inn i kvar einskild sitt skriftmål eller i nynorsk i det heile. Ein god del av avløysingsorda er på kanten av det som er lov å bruke i nynorsk. Eg har likevel ikkje gjort noka prioritering av orda. Det vanlege vil vere at det beste avløysingsordet står først, men dette er ikkje heilt gjennomført. Særleg der det er ord med ulike tydingar, vil dette vere uråd å få til. Orda må difor brukast med kritikk.

Og eg må få lov til å streka under endå ein gong at det slett ikkje er sikkert at det beste er å omsetje eitt ord på bokmål til eitt ord på nynorsk.

Til sist her – ofte er den «vanlege» tydinga av eit ord utelaten. Det har ikkje noko føre seg å omsetje «uskyldighet» med anna enn «skuldløyse». Det er denne tydinga ein vil få bruk for i jussen.

**Om å lese mellom linene**

For at denne boka skal kunne nyttast fullt ut, må ein lære seg å lese mellom linene. Det er ikkje råd å få med seg alle mogelege ord i ordlista. Eg har difor prøvt å byggje ho opp slik at ein del omsetjingar kan lesast indirekte ut av andre. Eg vil særleg peike på eit par viktige måtar dette kan gjerast på.

For det første er det rom for mange samansetjingar av ord med utgangspunkt i lista. Eg kan ta eit heilt enkelt og sjølvsagt døme – i ordlista finst ordet «gave» og ordet «kjøpsrett». Ut frå omsetjingane i lista kan ein då lett slutte seg til at «gavekjøp» vert «gåvekjøp» på nynorsk. Eg meiner òg at dette kan lesast ut av ordet «gavesalg» som er omsett med «gåvesal». Dette er som sagt eit litt for enkelt døme, men det skulle vise prinsippa ordlista er oppbygd etter. Eg har teke med ein del ord som er lette å omsetje til nynorsk. Desse er meinte å vere ei påminning til dei som brukar boka om liknande omsetjingar.

Det same prinsippet har eg lagt opp til med samansette ord. Det finst eit utal ord som tar til på «av-», «be-», «bort-», «etter-» o.l.. Blant desse orda har eg teke med eit utval som skulle vise framgangsmåten ein må nytte når ein skal omsetje dei. Dei som til dømes leitar etter ordet «ettervirkning», skal etter mi meining kunne lese omsetjinga «etterverknad» anten beinveges ut av dei «etter»-orda som finst i lista eller omveges gjennom å sjå kva «virkning» er omsett med. Kombinasjonane er tallause. Det gjeld berre å finne fram. Ein vil dessutan ofte kunne nytte seg av omsetjingar av ord som liknar eller tyder om lag det same som det ein er ute etter. Er du misnøgd med omsetjinga av «underretning», kan du leite på orda «bekjentgjøre, bud, lysning, meddelelse, kunngjøring, tilsigelse». Då er eg nokså viss på at du vil å finne eit ord som høver.

Ein annan måte å finne fram til andre ord på, er å halde seg til ordstomnen der denne er brukt i ei omsetjing. Lettast er dette dersom ein har omsett til dømes verbet, men ikkje substantiv og adjektiv/adverb. Eit døme: «bebyrdende» er omsett med «tyngjande». Å finne fram til omsetjinga av verbet «bebyrde» skulle då vere enkelt. Det vert «tyngja». «Autorisasjon» er med i lista, men ikkje «autorisert». Ut frå at det første tyder «godkjenning» skulle det utan vidare gå fram at «autorisert» vert «godkjend». Nyttar ein denne måten å finne fram på, skulle lista verte verd dobbelt så mykje.

**Den praktiske bruken**

Dersom ein berre er på jakt etter eitt ord, vil det vanlege vere at det er nok å slå opp eller finne fram til omsetjinga av dette ordet. Dersom ein skal omsetje lengre stykke frå bokmål til nynorsk, vert det mykje verre. Då ligg fellene der på rad og rekkje. Den vanlegaste feilen nynorskjuristar gjer då, er at dei brukar setningsbygnaden frå bokmål/riksmål og berre skiftar ut orda. Eg skal prøve å gje eit døme:

«Denne Lovs første del, finder, forsaavidt intet modsat er bestemt, Anvendelse paa alle strafbare Handlinger». (Straffelova, §1).

Ein mogeleg måte å omsetje denne på er slik:

«Denne lovas første del, skal, dersom ikkje det motsette er sagt, nyttast på alle strafflagde handlingar».

Dette er ein dårleg måte å omsetje på. Setningsbygnaden er tung, og har lite med nynorsk å gjere. Ein betre måte vil vere:

«Dersom ikkje anna er sagt, skal første delen i denne lova nyttast på alle strafflagde handlingar.»

Eller:

«Første delen i denne lova skal nyttast på alle handlingar som medfører straff, såframt ikkje det motsette er sagt.»

Det finst fleire andre måtar. Hovudsaka er at ein ikkje lar seg sluke av ein tung setningsbygnad, og trur at det vert god nynorsk om ein nyttar nynorske ord. Orda kan vanlegvis skiftast ut, men setningsbygnaden må vere norsk dersom ein skal skrive god norsk. Meir om dette i neste avsnitt.

**Juridisk stil og skrivemåte**

Det er nokså vanleg vantru at det finst ein eigen juridisk stil – ein måte å skrive på som er særeigen for juristar. På mange måtar kan ein seie at tradisjonen gjev haldepunkt for ein slik påstand. Juristmålet har støtt vore ganske fjernt frå vanleg tale- og skriftmål. Også nynorskjuristar har til dels synda på dette feltet. Den juridiske sjargongen har i alle høve lagt ein eigen dåm over skrift og tale blant juristane. Bindinga til latin, tysk og dansk har vore meir enn synleg. Nikolaus Gjelsvik er tillagd ein påstand om at juristspråket er dårleg latin med tysk setningsbygnad og danske ord. Så langt frå sanninga synest eg ikkje han var.

På den andre sida har Sjur Brækhus i skriftet *Sprogstrid og Lovsprog* (Universitetsforlaget, 1956) gjort seg til talsmann for det synet som vel har vore berande mellom toppjuristane her i landet: riksmålet er det einaste som duger. Han gjer eit pussig skilje mellom landsmål og nynorsk og hevdar at landsmålet (Aasen-normalen) kan godtakast, men ikkje nynorsken (nyare rettskriving). På mange vis er denne ordlista eit svar på denne påstanden frå Brækhus. For det første er det uråd å knyte generelle karakteristikkar av språksystem til rettskrivingsnormalar. For det andre har nynorsken i praksis vist seg dugande. For det tredje kunne eg godt tenkje meg å spørje kvar det vitskaplege grunnlaget for skiljet mellom landsmål og nynorsk kjem frå.

Men Brækhus er i alle høve inne på ein rett tanke. Ein må velje kva språk ein vil skrive. Det nyttar ikkje å tru at det finst noko eige juristmål som går over språkgrensene. Trass i alle spesialuttrykk osv. er ein sjølvsagt nøydd til å velje ei språkform å plassere desse i. Og då er det klårt at det finst store skilnader mellom riksmål og nynorsk.

**Seiemåte**

Hovudskiljet mellom riksmål/bokmål og nynorsk går mellom ulike måtar å seie noko på. Med stikkord kan ein seie at riksmål/bokmål byggjer på ein substantivert seiemåte, – nynorsken på ein verbal. Når ein på riksmål/bokmål seier: «ved et spørsmåls avgjørelse», heiter det «når eit spørsmål skal avgjerast» på nynorsk. Om ein skriv «ved avgjørelsen av et spørsmål», vert løysinga den same

på nynorsk. Uttrykk som «komme til anvendelse» vert «skal nyttast», «skal brukast», «kan nyttast» osv. Døma kan gjerast tallause. Den største fella for dei som vil skrive nynorsk rettsmål, er at ein nyttar seiemåten frå riksmål/bokmål og berre set nynorskord i staden for bokmålsord. Døme på dette finn ein ofte i lovtekstar, departementskriv osb.. Personleg vil eg hevde at dette ikkje kan kallast nynorsk – og i alle høve er det dårleg språk. Det vert tungt og stivt og er lite tenleg for dei fleste.

Lettast er det å gå i denne fella når ein skal omsetje noko. Men også elles viser det seg at mange heng fast i den seiemåten ein møter i lovtekstar, førearbeid, lærebøker osv. Det er uråd å gjere greie for korleis ein skal løyse alle problem med seiemåten her. Eg skal prøve å ta føre meg ein del av dei ein oftast møter.

Den beste rettesnora har ein i sin eigen dialektbakgrunn. Dei som til kvar tid tenkjer seg korleis dei ville seie noko i vanleg daglegtale, finn oftast gode løysingar. Dialektane er verbale. Ein unngår difor å falle i den substantiverte seiemåten. Dialektmåten å seie noko på er vanlegvis konkret og enkel. Det blømande juristmålet høyrer ikkje heime i nokon dialekt, – ikkje i norsk i det heile, for den del.

Det første ein oppdagar når ein nyttar dialekten sin, er at dei tilvande uttrykka og setningane ikkje duger. Det vanlege er at ein må **skrive heilt om**. «Læren om fordringers stiftelse og opphør» skulle ord for ord verte «læra om kravs stifting og bortfall». Dette er uråd å seie på nynorsk. Den omsetjinga som kanskje ligg nærast for tanken, er «læra om stifting og bortfall av krav». I mine auge er heller ikkje dette noka heilt god omsetjing. Eg er nokså viss på at om ein tenkjer seg dette uttrykket i daglegtale, ville det verte «læra om korleis krav vert til og fell bort». Kanskje er ikkje dette det beste dømet som finst, men det skulle vise tanken bak. Dersom ein låser seg fast til det bokmålsuttrykket som ligg føre, vil ein vanlegvis hamne i ein stiv riksmåls-nynorsk. Då vert nynorsk berre eit mekanisk omsetjarspråk. Ein verre lagnad kan nynorsken neppe få. Ein må hugse at riksmål/bokmål og nynorsk er heilt ulike språk, og som Gjelsvik seier det: «Kvart maal hev sine krav». Vidare seier han: «Det er ... **tankane** som maa setjast um fraa eit maal til eit anna, ikkje **ordi**. Elles vert ei umsetjing ikkje rar. I ei god umsetjing fær ein soleis ikkje bruk for dei ordi, som staar i originalen. Ein segjer tanken paa ein annan maate. Ein kan taka til døme ei so enkel setning som: «Mødets datum vil senere bli bestemt». Norsk: «Møtet vert dagsett sidan». Som ein ser, fær ein ikkje her bruk for noko ord for «datum», eller noko for «bestemt».» (Nikolaus Gjelsvik: *Juridisk Ordliste*, Oslo 1929).

Ofte er det nødvendig å dele ein periode i fleire. På denne måten kan ein unngå tunge undersetningar med innvikla preposisjonskonstruksjonar o.l.. Ein taper sjeldan noko på å setje punktum etter kvar setning. Døme: «Ventendes arv kan ikke avhendes, dog skulle det ikke være noe

til hinder for en avtale om fremtidig salg av arven». Nynorsk: «Ingen må avhende arv han ventar. Det skulle likevel ikkje vere noko i vegen for at nokon gjer avtale om å selje arven seinare.»

Denne siste setninga kan sjølvsagt omsetjast på andre måtar – og gjerne betre. Hovudpoenget her er berre at det løner seg ofte å dele opp periodane med punktum.

Denne siste omsetjinga skulle òg vise at ein bør vere varsam med passivkonstruksjonar, upersonlege uttrykk o.l. Desse flyt det av i riksmål/bokmål. På nynorsk nyttar ein til vanleg «ingen», «nokon», «han, ho, dei», «alle» osv. i staden for tunge genitivsuttrykk, preposisjonskonstruksjonar osv. Brukar ein pronomena, vert setningane lettare og enklare. Døme: «Ved edsavleggelsen» bør ikkje verte «ved eidgjeringa», men «skal nokon gjere eid» eller «når nokon skal gjere eid». «Det forbydes» vert «ingen må», «ingen kan» e.l. «Skal benyttes» vert «ein skal nytte», «tilsvarende anvendelse» vert «gjeld sameleis» eller «skal nyttast på same måten». Ofte må ein omsetje eit slikt uttrykk med,  ei setning. «Ved avholdelsen av» kan best omsetjast med «når det vert halde», «når det skal haldast», «når ein held», «skal det haldast», «når … vert halde». Variantane er tallause. Det viktige er at det løner seg å løyse uttrykk heilt opp før ein tar til å setje dei saman att. Særleg på vakt bør ein vere dersom det gjeld **faste uttrykk**. Då er det meir enn lett å falle attende på ei beinveges omsetjing. Eg trur eg har vist at denne jamnast vil vere den dårlegaste. «Godtroende medkontrahent» har altfor lett for å verte «godtruande medkontrahent» i staden for «medkontrahenten i god tru», «avtalemotpart i god tru» eller «avtalepart som er i god tru». Ein har lett for å sjå på dette eine at ei slik løysing kanskje vert litt lengre enn ei beinveges omsetjing. Dette er for dey første slett ikkje alltid tilfelle. I dei fleste uttrykka eg har vore borte i, har den nynorske løysinga vorte den stuttaste. Dersom ein går gjennom døma i ordlista, trur eg ein vil sjå dette nokså snart. Jamt over trur eg likevel ikkje at det alltid er den stuttaste løysinga som er den beste. Talet på bokstavar seier ikkje særleg mykje om kor god ei omsetjing er.

Genitivar har eg så vidt nemnt. Utanom visse særnamn og uttrykk er genitiv med «s» ukjent i nynorsk. Likevel ser ein at mange nyttar denne måten å lage genitivar på. Ei slik løysing er dårleg. Den nynorske løysinga er å bruke preposisjonar eller skrive heilt om slik at genitiven går ut. Døme: «Fordringenes gyldighet» kan i dei fleste høve skrivast om med «om krava er gyldige». «Arvelovens § 44» skal vere «§ 44 i Arvelova», «lovens bokstav» skal vere «ordlyden i lova», osv. Elles er omskriving med «til» det vanlege. Døme: «Dommens tvangskraft» vert «tvangskrafta til dommen», «dommerens myndighet» vert «avgjerdsmakta til dommaren». Somme likar å bruke «sin, si, sitt, sine» i desse uttrykka. Som oftast vert dette tungt. «Hjemmelsmannens ansvar» vert sjeldan «heimelsmannen sitt ansvar». Det er betre å seie «heimelsmannen har ansvaret for» enn «det er heimelsmannen sitt ansvar å». Av og til er det sjølvsagt råd å nytte slike konstruksjonar, men det er som sagt sjeldan.

**Sluttord**

Det er uråd for meg å gje noka større utgreiing om korleis kvar einskild skal skrive. Eg meiner å ha åtvara mot dei vanlegaste feila og har prøvt å peike på ein del mogelege løysingar. Elles er det lite ein kan seie om rettsmålet anna enn at det må følgje vanlege former for godt språk. Med godt språk meiner eg i hovudsak at det må vere enkelt og lett skjøneleg. Eg stiller dette opp i motsetning til det vanlege kravet om såkalla «vitenskapelig presisjon». I mine auge er dette uttrykket ofte berre eit dekke over tungt og dårleg språk. Har ein noko å fare med, kan ein jamnast seie det enkelt og greitt. Vitskapleg presisjon må gå på meiningsinnhaldet – ikkje på forma. Eller for å seie det på ein annan måte: Det som er god juss, treng ikkje vere dårleg norsk. Lukke til.

**Asgeir Olden**

Sigbjørn Tore Tenfjord

# Juridisk ordliste

Nynorske fagomgrep for jus

## Føreord

Den juridiske ordlista du held i handa no, er eit framhald av Juridisk ordliste, som kom ut i tri opplag millom 1975 og 1987. Den gongen var det Asgeir Olden som var forfattar. Denne nye ordlista er utarbeidd av cand.jur. Sigbjørn Tore Tenfjord. Jusprofessor Kåre Lilleholt ved Universitetet i Oslo har sett gjennom utkastet til ordlista og kome med visse rettingar og merknader. Ferdig utarbeiding av lista gjorde Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo sjølv i 2016. Ordlista er ei nyttig hjelp for jus-studentar og andre til å finna betre mål og målføring når det gjeld juridiske ord og nemningar. Ho er enkelt oppbygd, gjev synonym og avløysarord og framlegg til omskriving. Etterordet om nynorsk stil er skrive av Håvard Tangen.

## A

**abandonere** *seia frå seg, gjeva frå seg*
**abonnement** *tinging, abonnement*
**abonnementsavgift** *tingaravgift, abonnementsavgift*
**abonnent** *tingar, abonnent*
**abonnere** *tinga, halda (i visse høve), abonnera*
**actio** *søksmålsrett, søksmål*
**adferd** *åtferd, framferd, handlemåte*
– **utvist adferd** *slik han har fare fram, slik han har tett seg, slik han har fare åt*
– **utuktig adferd** *utuktig åtferd*
**adgang** *høve, lov, rett, løyve, tilgjenge*
– **adgang forbudt** *ikkje tilgjenge, tilgjenge ulovleg, tilgjenge forbode*
– **adgang til å nyte fruktene** *rett til å hausta fruktene*
– **loven hjemler adgang til** *lova heimlar, lova gjev heimel til*
– **utvidet adgang til** *betre høve til, lettare å …, utvida rett til*
**adgangstillatelse** *inngangsløyve, tilgjenge*
**adkomst** *rettsgrunnlag, rett, heimel, grunnlag, tilkomst, tilgjenge*
– **bevise sin adkomst** *påvisa heimelen sin, prova rettsgrunnlaget sitt*
– **lovlig adkomst** *lovleg rett til, heimel til, rettsheimel*
**adkomstbrev** *heimelsbrev*
**adkomstdokument** *heimelsbrev, heimelsdokument*
**adkomstmangel** *mangel ved rettsgrunnlaget, vanheimel*
**adlyde** *etterleva, retta seg etter, lyda, fylgja*
**administrasjon** *styring, styringsverk, tenesteverk, tilsyn, styre, leiing, administrasjon, styresmakt*
– **sette under administrasjon** *setja under tilsyn, setja under styring: kommunen vart sett under statleg styring*
– **den offentlige administrasjon** *det offentlege styringsverket, det offentlege tenesteverket*
**administrasjonsomkostninger** *styringsutgifter, styringskostnader, administrasjonskostnader*
**administrativ** *styrings-, teneste-, administrativ*
– **administrativ domstol** *styringsdomstol*
– **administrativ handling** *styringshandling, tenestehandling, styringsgjerning, tenestegjerning*
**adopsjonsbevilling** *adopsjonsløyve*
**adressat** *mottakar*
**løftets adressat** *lovnadsmottakar, lovnadsadressat, den lovnaden er retta til*
**adskille** *skilja, skilja frå einannan, halda frå kvarandre*
**adskillelse** (*frå*)*skiljing, åtskiljing, lausriving*
– **etter lang tids adskillelse** *etter å ha vore lenge frå kvarandre*
**adskilt** *kvar for seg, åtskild, for seg sjølv*
**advare** *åtvara, varsla, råda frå*
– **han ble av sin advokat advart mot å anlegge sak** *advokaten hans rådde honom frå å reisa sak*
**advarsel** *åtvaring, fråråding, påminning, varsel*
**advokat** *advokat, sakførar* (*historisk og om*

*utanlandske tilhøve*)
**affeksjonsverdi** *kjensleverdi, minneverdi, tilknytingsverdi*
**agio** *kursvinst, agio*
**akkommodasjonsobligasjon** *gjord obligasjon, akkommodasjonsobligasjon*
**akkord** *skuldsemje, gjeldsforlik, akkord, førehandsavtale*
**akkordforhandling** *skuldtinging, akkordtinging, gjeldstinging*
**aksept** *godtaking, godtakingsbrev, aksept*
**akseptere** *godtaka, godkjenna, taka imot, gå med på, finna seg i, akseptera*
**aksje** *lut, medeigarlut, lutbrev, aksje, aksjebrev*
**aksjeselskap** *lutlag, aksjelag, aksjeselskap*
**aksjonær** *luteigar, aksjeeigar*
**akte** *visa vyrdnad, vera varsam, passa på*
– **akte å** *tenkja seg til med, tenkja på*
**aktelse** *vyrdnad, ære, godt omdøme*
**aktiva** *eige, aktiva*
**aktor** *påklagar, aktor*
**aktpågivende** *påpasseleg*
**aktsom** *aktsam, varsam, påpasseleg, føretenkt*
– **aktsom i henhold til culpanormen** *aktsam i høve til skuldnorma/culpanorma, aktsam etter skuldnorma/culpanorma, akta seg etter skuldnorma*
**aktsomhet** *aktsemd, varsemd*
– **vise aktsomhet** *vera aktsam, visa aktsemd*
**aktsomhetsplikt** *skyldnad til å vera aktsam*
**alkohollovgivning** *rusdrikklovgjeving, alkohollovgjeving*
**allemannsrett** *allemannsrett*
**allmenn** *ålmenn, vanleg, allgjeldande*
– **allmenne hensyn** *ålmenne omsyn*
**allmenning** *ålmenning*
**allmenningsrett** *rett i ålmenning, ålmenningsrett*
**alminnelig** *ålmenn, vanleg, allgjeldande, utbreidd*
– **alminnelig del** *ålmenn del*
– **alminnelig domstol** *vanleg domstol, ordinær domstol*
– **alminnelig flertall** *vanleg fleirtal*
– **alminnelig stemmerett** *ålmenn røysterett*
– **alminnelig virkeområde** *ålment verkeområde*
– **alminnelige bestemmelser** *ålmenne føresegner, innleiingsføresegner*
– **alminnelige betingelser** *vanlege vilkår, minstevilkår*
– **alminnelige regler** *ålmenne reglar, allgjeldande reglar*
– **i alminnelighet** *vanlegvis, til vanleg*
**alternativt** *sidestilt, valfritt, skiftevis, alternativt*
– **alternativt ansvar** *alternativt ansvar*
– **alternativt opprop** *skiftevis opprop, alternativt opprop*
**alternerende** *på omgang, skiftevis*
**amnesti** *påtalefritak, straffritak, amnesti*
– **utstede amnestierklæring** *gjeva fritt leide, gjeva påtalefritak, gjeva straffritak*
**anbefale** *råda til, tilråda, gå god for, stø, gå inn for*
– **anbefale løsning** *gå inn for løysing, råda til løysing*
**anbefaling** *tilråding, god attest, vitnemål, ros, lovord*
– **anbefalt forslag** *tilrådt framlegg*
**anbringe** *setja bort til, setja inn, plassera*
**anbringelse** *innsetjing, bortsetjing, plassering*
– **anbringelse i fengsel** *innsetjing i fengsel*
– **god pengeanbringelse** *god pengeplassering*
**andelsbevis** *partsprov*
**andelseier** *partseigar*
**andelshaver** *partshavar*
**andelslag** *partslag*
**andelsrederi** *partsreiarlag*
**andelsrett** *partsrett*
**andelsselskap** *partsselskap*
**anerkjenne** *godkjenna, godtaka, vedgå, vedstå seg*
– **anerkjenne en regjering** *godkjenna ei regjering* (*eit riksstyre*)
– **skiftesamlingen anerkjente fordringen** *skiftesamlinga godkjende kravet*
**anerkjennelse** *godkjenning, godtaking, vedståing, vedgåing*
**anerkjent** *kjend, velkjend, godkjend, godteken, vanleg, gjæv, velvyrd*
– **anerkjent internasjonal utstilling** *velvyrd internasjonal utstilling*
**anføre** *gjera gjeldande, halda fram, hevda, føra fram, nemna, bokføra*
– **anføre et grunnlag** *hevda eit grunnlag, gjera gjeldande eit grunnlag, halda fram eit grunnlag*
**anførsel** *(ei) utsegn, påstand, (ei) motsegn, merknad, (ei) påskrift*
– **partenes anførsler** *partsutsegnene*
**angi** *gjeva, opplysa om, gjeva til kjenne,*

*melda, gjeva melding om, skulda på, gjeva opp, føra opp, seia ifrå, nemna, koma med, visa*
– **angi som grunn** *gjeva som grunn, grunngjeva med*
– **angi til politiet** *melda til politiet*
– **opplysninger angitt i avtalen** *opplysningar som står i avtala*
– **tingens angitte egenskaper** *dei fastsette eigenskapane til tingen, dei eigenskapane ein har avtala at tingen skal ha*
**angivelig** *etter det som vert opplyst*
– **angivelig bortkommet** *som skal vera bortkomen, som er meld sakna*
– **angivelse av ny frist** *fastsetjing av ny frist*
**angivelse** *melding, skulding, fastsetjing, nedteikning*
**angjeldende** *når det gjeld, vedkomande, denne, nemnde*
– **angjeldende Deres brev** *i høve brevet eg fekk frå Dykk, til brevet frå Dykk, når det gjeld brevet Dykkar*
– **angjeldende sak** *den saka det gjeld, denne saka*
**angrefrist** *angrefrist*
**angrep** *åtak, overfall*
**angripe** *gjera åtak på, gå til åtak på, overfalla, gå mot*
– **vedtaket kan angripes ved anke** *det kan ankast over vedtaket*
**angripelig** *tvilsam, motseieleg, som kan overprøvast, diskutabel*
**angå** *vedgå, vedkoma, gå ut på, gjelda, dreia seg om*
– **det angår ikke saken** *det vedkjem ikkje saka*
**anholde** *pågripa, setja fast*
**anholdelse** *pågriping*
**anke** *(å) anka*
**anke** *(ein) anke*
**ankebeløp** *ankesum*
**ankeberettiget** *som har ankerett*
**ankeerklæring** *ankeskriv, (ei) ankefråsegn, anke*
**ankeforhandling** *ankeførehaving*
**ankefrist** *ankefrist*
**ankeinstans** *ankestol, ankeinstans*
**ankende** *ankaren, den ankande*
**anketilsvar** *anketilsvar*
**ankeutvalg** *ankeutval*
**anklage** *skulda, klaga (på/over) sakgjeva, straffsøkja*
**anklage** *skulding, klage, klagemål*
– **falsk anklage** *falsk skulding*
**anklagede** *den sakgjevne, den straffsøkte, den skulda*
**anklageprinsippet** *tiltaleprinsippet*
**anklager** *klagar, påklagar, aktor*
**anledning** *høve, grunn, gong, i samband med*
– **det finnes ingen anledning til ny prøving av saken** *det er ikkje råd å få saka prøvd på nytt*
– **gis anledning til å uttale seg** *få uttala seg, få høve til å uttala seg*
– **i sakens anledning** *i høve saka, til denne saka, i samband med saka*
**anlegg** *tiltak, føretak, verk, evne, givnad*
– **anleggsmaskin** *byggmaskin*
– **vannkraftanlegg** *vasskraftverk*
**anlegge** *reisa, leggja opp, setja i gang, grunnleggja*
– **anlagt** *lagt opp, reist*
– **anlegge sak** *reisa sak*
**anmelde** *melda* (*frå om*), *seia frå om, melda inn, melda til*
– **anmelde handlingen** *melda inn handlinga*
– **anmelde (noen) til politiet** *melda (nokon) til politiet*
– **anmeldt fordring** (*inn*)*meldt krav*
– **han har anmeldt saken** *han har meldt saka*
– **rettidig anmeldt fordring** *kravet er meldt før fristen*
**anmeldelse** *melding, påmelding, innmelding*
– **anmeldelse er innlevert** *saka er meld*
**anmerke** *skriva opp, skriva ned, leggja til, gjera merknad om, føya til*
**anmerkning** *merknad, påskrift, tillegg, tilføying*
– **kreditor skal gjøre anmerkning på gjeldsbrevet om** *kreditor skal gjeva gjeldsbrevet påskrift om*
**anmode** *beda om, spørja om, oppmoda*
**anmodning** *spørsmål, oppmoding*
– **på politiets anmodning** *på spørsmål frå politiet*
**anordning** *(ei) føresegn*
– **provisorisk anordning** *provisorisk føresegn, mellombels føresegn, mellombels rettarbot* (*etter Gjelsvik*), *mellombels lov*
**ansatt** *tilsett*
**anse** *sjå* (*på*) *som, rekna som, rekna for, halda for*
– **anses åpenbart unødvendig** *må reknast for klårt uturvande / berrsynt uturvande*

– **anses å være skjedd** *rekna for å ha hendt*
– **det anses inneholdt i avtalen** *ein reknar at det står i avtala*
**anseelse** *vyrdnad, rang, omdøme, ære*
**ansette** *tilsetja, utnemna*
– **ansette NN i midlertidig stilling som** *tilsetja NN mellombels som*
**ansettelse** *tilsetjing*
**anskaffe** *skaffa, skaffa seg, skaffa til vegar, få seg, få tak i, kjøpa*
**anskaffelse** *nyskaffing, skaffing, inntak, kjøp, gåve, investering, innkjøp*
**anslag** *overslag, utrekning, verdsetjing*
**anslå** *rekna til, verdsetja til*
**anstille** *setja i gang, setja i verk*
– **anstille undersøkelser** *granska, sjå nærare på*
**anstrenge (seg)** *leggja vinn på, gjera seg føre med, streva*
**anstrengelse** *strev, slit*
**anstøt** *motvilje, misnøye, forarging, krenking, uvilje*
– **ta anstøt** *verta støytt, verta krenkt*
– **vekke anstøt** *vekkja motvilje, vekkja forarging*
**anstøtelig** *usømeleg, støytande, krenkjande*
**ansvarlig** *ansvarleg*
**ansvarlighet** *ansvarsevne, ansvar*
**ansvarsbegrensning** *ansvarsavgrensing, avgrensing i ansvaret*
**ansvarsbetingende** *som medfører ansvar, ansvarsgjevande*
**ansvarsdyktighet** *ansvarsevne*
**ansvarsfordeling** *ansvarsdeling, deling av ansvaret*
**ansvarsfraskrivelse** *ansvarsfråskriving, fråskriving av ansvar*
**ansvarsfrihet** *ansvarsfridom, det å vera utan / ikkje ha ansvar for*
**ansøke** *søkja*
**ansøker** *søkjar*
**ansøkning** *søknad*
**anta** *tru, meina, halda for, gå ut ifrå*
**antakelig** *truleg, sannsynleg, venteleg, brukande, kanskje, kan henda*
**antakelse** *tru, meining*
**antesipert** *venta, på førehand, førehands-*
– **antesipert mislighold** *førehandsmishald, mishald på førehand, venta mishald*
**anvende** *bruka, nytta, gjera nytte av*
– **fengselsstraff blir å anvende på forholdet** *tilhøvet vert straffa med fengsel*
**anvendelig** *brukande, brukeleg, som kan nyttast, høveleg*
**anvendelse** *bruk, bruksmåte, nytting*
– **komme til anvendelse** *verta bruka, skal brukast*
– **loven kommer til anvendelse på forholdet** *lova skal/kan nyttast på tilhøvet*
– **tilsvarende anvendelse** *gjeld sameleis, skal brukast like eins, skal nyttast på same måten*
**anvendelsesområde** *bruksfelt, bruksområde, rekkjevidd*
– **utenfor lovens anvendelsesområde** *lova gjeld ikkje …*
**anvise** *tilvisa, visa til, gjeva melding om*
– **på anvist sted** *på den fastsette staden*
**anvisning** *tilvising, rettleiing*
**anvisningsmyndighet** *tilvisingsmakt, tilvisingsrett*
**approbasjon** *godkjenning, stadfesting, samtykke*
**approbere** *godkjenna, stadfesta, samtykkja*
**arbeidsanstalt** *tvangsarbeidshus*
**arbeidsgiver** *arbeidsgjevar*
**arbeidsgiveransvar** *arbeidsgjevaransvar*
**arbeidskontrakt** *arbeidsavtale, arbeidskontrakt*
**arbeidsledig** *arbeidslaus*
**arbeidsledighet** *arbeidsløyse*
**arbeidsleie** *arbeidsløn, arbeidsleige*
**arbeidsløshet** *arbeidsløyse*
**arbeidsnedleggelse** *arbeidsnedlegging, streik*
**arbeidsstengning** *arbeidsstenging, lockout*
**arbeidstaker** *arbeidstakar, arbeidar*
**arbeidstillatelse** *arbeidsløyve*
**arbeidstvist** *arbeidstvist*
**arbeidsudyktig** *ikkje arbeidsfør, arbeidsufør*
**arbeidsytelse** *arbeidsyting, arbeid*
**arrest** *arrest*
**art** *slag, sort, type, art*
– **art og omfang** *slag og mengd, slag og vidd, slag og omfang*
– **tingens art og godhet** *krava til tingen, slik arten og kvaliteten til tingen er*
**artsbestemt** *av eit visst slag, artsnemnd*
– **artsbestemte gjenstander** *artsnemnde ting*
**arveanmeldelse** *arvemelding*
**arveavgift** *arveavgift*
**arveavkall** *avkall på arv, arveavkall*
**arveavkorting** *avkorting på arv, avstytting på arv, arveavkorting*
**arvebehandling** *(ei) arveoppgjerd, arvestyre*

**arveberettiget** *som har arverett, arvboren*
**arvebo** *(eit) arvebu, avferdsbu*
**arvefall** *arvefall*
**arvefeste** *(å) arvefesta*
**arveforskudd** *forskot på arv, arveforskot*
**arvefølge** *(ei) arvefylgje*
**arvegang** *arvegang*
**arvegangsklasse** *arvegangsklasse*
**arvegods** *arv, arvegods*
**arvekjøp** *kjøp av arv, arvekjøp*
**arvelater** *arvlatar*
**arvelodd** *arvelut, arvelott*
**arveløsgjøre** *gjera arvelaus*
**arvemidler** *arv, arvemidlar, arvegods*
**arvepakt** *arvepakt*
**arving** *(ein) arving, arvar, arvtakar, erving*
**atferdsvansker** *åtferdsvanskar*
**attest** *attest, vitnemål*
**auksjon** *auksjon, bortbyding*
**auksjonere** *auksjonera, byda bort*
**auksjonsbetingelser** *auksjonsvilkår, bortbydingsvilkår*
**auksjonsforretning** *auksjon, bortbyding,*
**auksjonsrekvirent** *auksjonskrevjar, auksjonsrekvirent*
**autorisasjon** *godkjenning, stadfesting, autorisasjon*
**avbestille** *avtinga, seia opp, seia frå seg, fråfalla, stryka*
**avbestilling** *avtinging, oppseiing, stryking*
**avbetale** *betala ned på, betala av, avbetala*
**avbetaling** *avdrag*
**avbetalingsbetingelser** *avdragsvilkår*
**avbilde** *gjeva att, attgjeva, taka bilete*
**avbildede** *attgjeven, som er teken bilete av*
**avbildning** *bilete, skildring*
**avbrudd** *avbrot, stogg, pause, opphald*
**avbruddsforsikring** *avbrotstrygding, avbrotsforsikring*
**avbryte** *bryta, bryta av, stogga*
– **fristen avbrytes** *fristen vert broten, fristen kan brytast, einkvan bryt fristen*
– **å avbryte motpartens advokat** *å taka ordet frå advokaten til motparten*
**avbrytelse** *avbrot, stogg, forstyrring*
**avdeling** *avdeling, del, deild, bolk*
**avdrag** *frådrag, avdrag*
**avdragskjøp** *avdragskjøp*
**avdragsvis** *i avdrag*
**avdød** *avliden, daud, dåen*
**avfatte** *skriva, skriva opp, skriva ned, forma, forma ut, setja opp*
**avfinne (seg med)** *finna seg i, greia seg med*
**avfinnelsessum** *vederlag, avfinningssum, trøystesum*
**avgang** *avgang, bortgang*
**avgi** *gjeva, koma med, leggja fram*
– **avgi erklæring om** *leggja fram fråsegn om*
– **avgi kjennelse** *seia orskurd*
– **avgi stemme** *røysta*
– **avgi uttalelse** *uttala seg*
**avgift** *avgift*
**avgjøre** *avgjera*
**avgjørelse** *avgjerd, vedtak, fastsetjing, løysing*
– **meddelelse om avgjørelse** *melding om avgjerd*
– **ved et spørsmåls avgjørelse** *når eit spørsmål skal avgjerast*
**avgjørelsesdyktig** *vedtaksfør*
**avgjørelsesgrunner** *avgjerdsgrunnar, vedtaksgrunnar*
**avgjørelsesgrunnlag** *avgjerdsgrunnlag, vedtaksgrunnlag*
**avgjørelsesmakt** *avgjerdsmakt*
**avgjørelsesmyndighet** *avgjerdsmakt, avgjerdsrett, (eit) avgjerdsmynde*
**avgå** *gå av*
**avhende** *avhenda, gjeva frå seg, skilja seg med, overlata, overdraga, avstå*
**avhendelse** *avhending, overdraging, avståing*
**avhenge** *stå på, retta seg etter, vera opp til, vera knytt til*
– **sakens utgang avhenger av** *utfallet av saka står på*
**avhengig** *ufri, usjølvstendig, knytt til*
**avhengighet** *usjølvstende, ufridom, tilknyting; ikkje stå fritt, vera sterkt knytt til, ikkje kunna greia seg utan*
**avhengighetsforhold** *vera avhengig av, ufridomstilhøve*
**avhente** *henta*
**avhjelpe** *bøta, bøta på, retta på, retta opp, retta*
– **avhjelpe mangel** *retta på mangel*
**avhold** *fråhald*
– **pliktmessig avhold** *plikt til fråhald, skyldnad til fråhald, fråhaldsskyldnad*
**avholdelse** *det å halda*
– **ved avholdelsen av** *når det vert halde, når det skal haldast, når ein held*
**avhør** *avhøyr, forhøyr, utspørjing*
**avhøre** *spørja ut, avhøyra, forhøyra*
**avkall** *avkall, fråseiing*

**avkasting** *avkasting, vinning, haust*
**avkorte** *avkorta, korta ned på, avstytta*
**avkorting** *avkorting, nedkorting, avstytting*
**avkrefte** *avsanna, tilbakevisa*
**avkreve** *krevja* (*frå, av*)*, beda om, påleggja*
**– kommunen kan avkreve eiendomsskatt fra innbyggerne** *kommunen kan påleggja innbyggjarane eigedomsskatt*
**avlede** *avleia, leia ut, føra bort*
**– avledet anke** *avleidd anke*
**– avledet av** *avleidd av, avleidd frå*
**– avledet erverv** *avleidd rettsvinning*
**avlegge** *leggja av, leggja bort, fri seg frå*
**– avlegge ed på** *gjera eid på, sverja*
**– avlegge gjeld** *gjera opp gjeld, fri gjeld*
**– avlegge vitnesbyrd** *vitna*
**avlevere** *avhenda, levera, gjeva frå seg, overlata*
**avlyse** *avlysa*
**avlysning** *avlysing*
**avløse** *løysa av, koma etter, fylgja etter, avløysa*
**avpasse** *tilmåta, passa til*
**– avpasset etter forholdene** *naturleg etter tilhøva*
**avregne** *gjera opp, rekna ut, likna ut*
**avregning** *(ei) oppgjerd, utrekning, utlikning*
**avsavn** *saknad, sakn*
**avsavnsgodtgjørelse** *saknadsvederlag, saknadsgodtgjering, skadebot på grunn av saknad*
**avsavnstap** *saknadstap, tap på grunn av saknad*
**avsende** *(å) senda*
**avsendelse** *(ei) sending*
**– fra varslets avsendelse** *frå då varselet vart sendt*
**avsender** *(ein) sendar*
**avsetning** *avsetnad, avsetjing, overføring, avgang, fråsetjing*
**– avsetning som del av tvangsfullbyrdelse** *avsetnad som del av tvangsfullføring*
**– avsetning til dekning av skatt** *avsetnad til dekking av skatt*
**avsette** *avsetja, setja frå, setja av, selja*
**avsett ved dom** *avsett ved dom*
**avsettelse** *avsetjing*
**avsi** *seia, kunngjera*
**– avsi dom** *seia dom*
**avskaffe** *fjerna, rydda ut, avskipa, rydda av vegen*
**avskjed** *avskil*
**avskjedige** *gjeva avskil*
**avskjedigelse** *avskil*
**avskjedsansøkning** *avskilssøknad, søknad om avskil*
**avskjære** *hindra, stengja for, sperra, nekta*
**– avskjære bevis** *nekta prov ført*
**– kjøperen er avskåret fra å gjøre gjeldende** *kjøparen kan ikkje gjera gjeldande, kjøparen skal ikkje kunna gjera gjeldande*
**avskrekkelse** *avskremming, avskrekking*
**avskrive** *skriva av, skriva ned, gjeva opp, stryka*
**avskriving** *nedskriving, avskriving, stryking*
**avslag** *nekting, avslag, avvising, nedsetjing, nedslag*
**– avslag skal være begrunnet** *avslag skal vera grunngjeve*
**– gjøre avslag i prisen** *slå ned prisen, setja ned prisen, slå av*
**avslutning** *slutt, sluttføring, ende, fullending*
**– ved sakens avslutning** *når saka er sluttførd*
**avslutte** *slutta, slutta med, sluttføra, gjera slutt på, fullenda*
**– avslutte regnskapet** *gjera opp rekneskapen*
**– før saken er avsluttet** *før saka er sluttførd*
**avslå** *seia nei til, seia frå seg, avslå, nekta, vraka, avvisa*
**– avslå et tilbud** *seia nei til, vraka eit tilbod, avvisa eit tilbod, avslå eit tilbod*
**avsone** *sona, sitja inne*
**avstamning** *nedætting, nedstamming*
**avstand** *avstand, skilnad, fråstand, stykke mellom*
**avstemning** *røysting, val*
**– sette under avstemning** *setja til røysting, leggja fram til røysting, røysta over*
**avstengning** *avstenging*
**avstraffelse** *straff, straffing, refs, refsing*
**tilkomme** *gå til, høyra inn under, ha rett til, skal gjevast til, skal falla på*
**– det tilkommer Stortinget** *Stortinget har rett til, det høyrer inn under Stortinget, Stortinget skal, Stortinget har til oppgåve å*
**tillate** *gjeva lov til, gjeva løyve til, gjeva rett til, gå med på, tillata*
**tillatelse** *(eit) løyve, løyvebrev, lov*
**tillatt** *lovleg, tillaten, lov*
**tillegge** *leggja til, tilleggja*
**tilleggsbelastning** *attåttyngsle, tilleggstyngsle*
**tilleggsstraff** *attåtstraff, tilleggsstraff*
**tilligge** *høyra inn under, liggja til*
**tilpasse** *tilmåta, tilpassa*
**tilregne** *skulda, tilrekna, leggja skuld på*
**tilregnelig** *skuldfør, tilrekneleg*
**tilregnelighet** *skuldevne*
**tilrettelegge** *leggja til rette, førebu, omarbeida, tilretteleggja*
**tilretteleggelse** *førebuing, omarbeiding, tilrettelegging*
**tilrettevise** *snakka til rette, visa til rette*
**tilrådelig** *tilrådeleg*
**tilsagn** *lovnad, (ei) tilsegn*
**tilsette** *tilsetja*
**tilsi** *seia, tyda, tilseia, lova, gjeva*
**– når NN er tilsagt full dekning** *når NN har fått full dekning*
**tilsidesette** *setja til sides*
**tilsidesettelse** *tilsidesetjing*
**tilsigelse** *melding, varsel, pålegg, tilseiing*
**tilsikte** *sikta etter, sikta til, sikta mot, tenkja seg til med*
**tilsiktet** *tiltenkt, planlagd, tilsikta*
**tilskudd** *tilskot*
**tilskuer** *tilskodar*
**tilskynde** *råda til, gjera sitt til, skunda på, telja til*
**tilslutning** *tilslutnad, tilslutning*
**tilslutte (seg)** *gjeva medhald, slutta seg til, seia seg samd*
**tilstede** *gjeva, gjeva lov til*
**tilstedeværelse** *å vera til stades, nærvære*
**tilstile** *senda til, leggja fram for, gjeva, skriva til*
**tilstrekkelig** *god nok, fullnøyande, fullgod, nok, uttømande, flus*
**tilstøte** *henda* (*med*)
**tilstå** *tilstå, vedgå*
**tilståelse** *tilståing, vedgåing, overlating*
**tilståelsesdom** *tilståingsdom, vedgåingsdom*
**tilståelsessak** *tilståingssak, vedgåingssak*
**tilsvar** *tilsvar, svar*
**tilsvarende** *sameleis, på same måten, likeins, tilsvarande*
**– reglene gis tilsvarende bruk for** *reglane skal òg nyttast for*
**tilsynsmyndighet** *tilsynsstyresmakt*
**tiltak** *tiltak, åtgjerd, rådgjerd*
**– av eget tiltak** *ubeden, sjølvbeden, utan vidare*
**tiltale** *reisa påtale mot, påtala, (å) tiltala*
**tiltalebeslutning** *tiltalevedtak, påtalevedtak*
**tiltalt** *straffsøkt, sakgjeven, tiltala*
**tiltre (I)** *byrja, slutta seg til, taka over*
**– tiltre arven** *taka imot arven*
**– tiltre en stilling** *byrja i stillinga, byrja som …*
**– tiltre forslaget** *slutta opp om framlegget*
**– tiltre en traktat** *slutta seg til ein traktat*
**tiltre (II)** *godkjenna, gå inn i, stadfesta, seia seg samd i, byrja i, taka til i*
**tilveiebringe** *skaffa fram, få fram, få til, få tak i*
**tilvirke** *laga, laga til, tilverka*
**tilvirker** *tilverkar*
**tilvirkning** *tilverking, tillaging*
**tilvirkningskjøp** *tilverkingskjøp*
**tinglig** *tingleg*
**tinglig rettighet** *tingleg rett*
**tinglysning** *tinglysing*
**tingsbesittelse** *tingsinnehaving*
**tingsinngrep** *tingssamband*
**tjeneste** *yting, teneste*
**tjenesteanliggende** *tenestesak*
**tjenesteavtale** *tenesteavtale*
**tjenesteforbrytelse** *tenestebrotsverk*

**tjenestegjøre** *gjera teneste, stå i stilling, arbeida*
**tjenestetid** *tenestetid*
**tollvesen** *tollstell*
**tomt** *tomt, tuft*
**tomtefeste** *tomtefeste*
**tort** *skade, skam, krenking, urett, smerte, tort*
**– tort og smerte** *tort og smerte*
**– tort og svie** *tort og svie*
**trafikkforsikring** *trafikktrygding, trafikkforsikring*
**treffe** *møta, råka (på)*
**treffe avgjørelse** *taka avgjerd om, gjera vedtak om*
**trekkbeløp** *trekksum*
**trekkberegning** *trekkutrekning*
**trekke** *trekkja, draga*
**trekke inn i** *draga inn i*
**trivsel** *trivnad, trivsel*
**trolovelse** *truloving*
**true** *truga*
**trussel** *trugsmål, trugsel, fare*
**trådløs** *trådlaus*
**tungtveiende** *tungtvegande, vektig*
**tungtveiende grunner** *tungtvegande grunnar, vektige grunnar*
**tvangsakkord** *tvangsakkord*
**tvangsauksjon** *tvangsbortbyding, tvangsauksjon*
**tvangsfravikelse** *tvangsfråviking*
**tvangsinndrivelse** *tvangsinnsøking, tvangsinndriving*
**tvangsinnlegge** *tvangsinnleggja*
**tvangskraft** *tvangskraft*
**tvangsmiddel** *tvangsråd, tvangsmiddel*
**tvangsmyndighet** *tvangsmakt*
**tvangssalg** *tvangssal*
**tvilstilfelle** *tvilsfall, tvilstilfelle*
**tvistesum** *tvistesum*
**tvungen** *påboden, tvungen*
**tyster** *tystar*
**tyv** *tjuv*
**tyvekoster** *tjuvegods*
**tyveri** *tjuveri, steling, stuld*
**tålegrense** *tolegrense*

# U

**uaktsom** *aktlaus, lite varsam, lite påpasseleg, lite føretenkt*
**uaktsomhet** *aktløyse*
**ualminnelig** *uvanleg*
**uanmeldt** *umeld, ikkje meld*
**uanmodet** *sjølvbeden, ubeden*
**uansvarlig** *ansvarslaus, uansvarleg*
**uavhengig** *sjølvstendig, fri, ubunden, uavhengig*
**uavhengig forvaltningsorgan** *sjølvstendig forvaltningsorgan, uavhengig forvaltningsorgan*
**uavhengighet** *sjølvstende, fridom, uavhengnad*
**– domstolenes uavhengighet** *sjølvstendet til domstolane, at domstolane er frie og ubundne*
**uavhentet** *uhenta, ikkje henta*
**uavkortet** *heil, fullt ut, uavkorta*
**ubebygd** *ikkje utbygd, ubygd* (*t.d. ubygd eigedom*)
**ubegrenset** *uavgrensa, utan grenser*
**ubegrenset ansvar** *uavgrensa ansvar*
**ubegrunnet** *grunnlaus, ikkje grunngjeven, ugrunna*
**ubeheftet** *heftelaus, heftefri*
**uberettiget** *utan rett, ikkje rettkomen, ulovleg*
**– uberettiget inngrep i rettssfæren** *ulovleg inngrep i rettssfæren*
**– uberettiget vinning** *ikkje rettkomen vinning, urettkomen vinning*
**ubeskadiget** *uskadd*
**ubeskåret** *heil, udelt*
**ubestemt tid** *ikkje tidsavgrensa, utan tidsavgrensing*
**ubetenkelig** *forsvarleg, utan vågnad, grei*
**– når ikke retten finner det ubetenkelig** *når retten finn det forsvarleg*
**ubetenksom** *tankelaus*
**ubetenksomhet** *tankeløyse*
**ubetinget** *vilkårslaus, utan vilkår*
**ubetinget fengsel** *fengsel utan vilkår*
**ubetydelig** *liten, uviktig, hårfin, ørliten, knapp*
**uegentlig** *ueigenleg, ikkje eigenleg*
**uekte** *uekte, ikkje ekte*
**uekte barn** *barn født utanfor ekteskap*
**uenig** *usamd, ueinig*
**uenighet** *usemje, meiningsskilnad, tvist*
**– dersom det råder uenighet mellom partene** *dersom partane er usamde*
**uforandret** *uendra, ubrigda*
**uforbeholden** *utan atterhald, atterhaldslaus, full, heil*
**uforbeholden tilståelse** *tilståing utan atterhald*

**uforbindende** *ikkje bindande, laus*
**uforfalt** *uforfallen, ikkje forfallen*
**uforholdsmessig** *mishøveleg, urimeleg mange, urimeleg få, meir enn rimeleg*
– **forholdsmessig** *samhøveleg*
– **uforholdsmessig tyngende** *urimeleg tyngjande*
**uforholdsmessighet** *mishøve*
– **forholdsmessighet** *samhøve*
**uforsettlig** *utan forsett, uviljande, utilsikta, uvilja, av vanvare*
**uforsiktighet** *vanvare, aktløyse, skøyteløyse, tankeløyse, slurv, glepp*
**uforskyldt** *utan eiga skuld, ufortent, uskuldig, urettvist*
– **lide uforskyldt tap** *lida tap utan eiga skuld, lida ufortent tap*
**uforutsett** *uventa*
**ufravikelig** *kan ikkje fråvikast, ufråvikeleg, tvingande*
– **loven er ufravikelig til fordel for forbruker** *det kan ikkje avtalast løysingar som gjev forbrukaren dårlegare rettar enn lova her*
**ufullstendig** *uheil, ikkje alt, ufullstendig*
**ugjenkallelig** *endeleg, uendrande*
**ugrunnet** *ugrunna, tarvlaus, utan grunn, grunnlaus*
**ugrunnet opphold** *tarvlaus dryging*
**ugyldig** *ikkje rettsgild, ikkje gyldig, ugild, ugyldig*
**ugyldiggjøre** *ugilda, seia ugild, gjera ugild, omstøyta, vraka*
**ugyldiggjøring** *ugilding, omstøyting, vraking, atterbod*
**ugyldighet** *vera ugild, ugildskap, rettskraftmangel*
**ugyldighetsgrunn** *ugildingsgrunn, ugildskapsgrunn*
– **feil i saksbehandlingen er ugyldighetsgrunn** *feil i sakførehavinga ugildar vedtaket*
**uhensiktsmessig** *ueigna, ikkje tenleg, ikkje føremålstenleg*
**uhildet** *ubunden, fri, stå fritt, upåverka, upartisk, nøytral*
**uhildethet** *fritt syn, ubunde syn*
**ukentlig** *vekeviss, i veka, for veka, kvar veke, vekefast*
**ukentlige møter** *vekevisse møte*
**uklarhet** *vera uklår, uvisse, uklårleik*
**ulovfestet** *ikkje lovfest, ulovfest*
**ulovlig** *ulovleg*
**ulykke** *ulukke*
**ulykkesforsikring** *ulukketrygding, ulukkeforsikring*
**umiddelbar** *nær, beinveges, direkte*
– **umiddelbar bevisføring** *direkte provførsle, provførsle framfor retten*
– **umiddelbart forutgående** *rett før, samanhengande før*
**umulig** *uråd, umogeleg*
**umulighet** (*vera*) *uråd, umogeleg (ting, sak), meiningsløyse*
**umyndig** *umyndig, ikkje myndig*
**umyndiggjort** *umyndiggjord*
**umyndiggjøre** *gjera umyndig, umyndiggjera*
**umyndiggjørelse** *umyndiggjering, det å gjera umyndig*
**undergi** *leggja under, leggja inn under*
– **undergi ny behandling** *ha føre på ny, prøva på ny*
**underhold** *forsyting, forsyrging, tilskot, stønad, underhald*
**underholde** *forsyta, forsyrgja, stø* (*økonomisk*), *underhalda*
**underholdsbidrag** *forsytingstilskot, forsyrgingstilskot*
– **underholdsbidrag til barna** *barnetilskot*
– **underholdsbidrag til ektefellen** *ektemaketilskot*
**underholdsplikt** *forsytingsskyldnad, forsyrgingsskyldnad, forsytingsplikt, forsyrgingsplikt*
**underhånden** *omveges, i løyndom, underhand*
**underhåndssalg** *underhandssal*
**underkjenne** *underkjenna, ugilda*
**underordne** *undergjeva, underleggja*
**underordnet** *(å vera) underordna*
**underretning** *vitring, melding, bod, tilseiing*
**underrette** *vitra, seia frå, melda* (*frå*), *gjeva bod, senda bod*
**underskudd** *underskot*
**underslag** *underslag*
**undersøke** *røkja etter, granska, undersøkja*
**undersøkelse** *etterrøking, gransking, undersøking*
**undersøkelsesplikt** *undersøkingsskyldnad, undersøkingsplikt*
– **selgerens undersøkelsesplikt** *skyldnaden seljaren har til å undersøkja*
**unndra** *taka unna, gøyma unna, draga seg unna, forsøma, lata vera, lura seg unna, fri*

*frå*
– **unndra eiendeler** *gøyma unna eigneluter, halda unna eigneluter*
– **unndra midler fra boet** *gøyma unna midlar frå buet*
– **unndra seg beskatning** *omgå skatteskyld, omgå skatteplikt, snyta skatt*
– **unndra seg sine plikter** *sluntra unna pliktene sine, draga seg unna pliktene sine*
– **unndratt fra straff** *friteken frå straff(legging), ikkje strafflagd*
**unndratt offentlighet** *ikkje innsyn frå ålmenta, unnateke innsyn frå ålmenta, skal ikkje vera offentleg*
**unndragelse** *unnataking, unnagøyming, unnaluring, forsøming, unnadraging, fritaking*
**unnlate** *lata vera, ikkje gjera, forsøma, unnlata*
– **forliksrådet kan unnlate** *forliksrådet treng ikkje*
**unnlatelse** *forsøming, unnlating, ikkje-gjering*
**unnsetning** *hjelp, støtte, stønad*
– **komme til unnsetning** *koma til hjelp*
**unnskylde** *orsaka, unnskylda*
**unnskyldelig** *orsakande, unnskyldeleg*
**unnta** *taka unna, halda unna, fritaka*
**unntakelse** *unnatak*
**unntakelsesfri** *unnataksfri*
**unntakelsesrett** *unnataksrett*
**unntaksbestemmelse** *unnataksføresegn*
**unntakstilfelle** *unnatakstilfelle, unnataksfall, unnatakshøve*
**unnvike** *vika frå, draga seg unna, unngå*
– **han unnvek politiet** *han løynde seg frå politiet*
– **unnvike straffeforfølgning** *draga seg unna straffsøking*
**unnvikelse** *unnadraging, unnagåing*
**unnvære** *vera utan, greia seg utan, unnvera*
**unødig** *tarvlaus, unaudsynt, uturvande*
**unøyaktighet** *slurv, sjusk, reknefeil, tankeløyse*
**uomtvistet** *uomstridd, tvillaus, uomtvista*
**uopprettelig** *ubøtande, uboteleg, uoppretteleg*
**uoverensstemmelse** *usemje, meiningsskilnad*
– **det er en uoverensstemmelse i regnskapene** *det er noko som ikkje høver i hop i rekneskapen*
**uovervinnelig hindring** *uovervinneleg hindring*
**upartisk** *upartisk, objektiv, nøytral*
**upartiskhet** *objektivitet, vera upartisk, rettvise, saklegskap, vidsyn*
**upåvirket** *upåverka, ubunden, fri*
**upåviselig** *upåviseleg, uetterviseleg*
**uredelig** *uærleg, upålitande, ikkje til å lita på, falsk, innful, uheiderleg*
**uredelighet** *uærlegdom, uærleg ferd, upålitande framferd, fals, truløyse*
**uregelmessig** *uregelrett, ikkje regelbunden, ugrei, regellaus*
**uregelmessighet** *avvik, fråvik, ugreitt, misjamne*
**uriktig** *urett, ikkje rett, galen, falsk, rang*
**uriktighet** *miss, feil, urett, mistak*
– **en uriktighet i utregningen** *ein feil i utrekninga*
**urørlig** *fast, urørleg*
**urådelighet** *rådvaldsløyse, utan råderett til*
**usaklig** *usakleg, som vantar grunn*
– **usaklig forskjellsbehandling** *usakleg skilnadsførehaving, usakleg skilnadshandsaming*
**usedvanlig** *uvanleg, annleis, sjeldan*
– **usedvanlige betalingsmidler** *uvanlege betalingsmiddel*
**uselvstendig** *usjølvstendig, ufri, ubunden*
**usikker** *uviss, utrygg*
**usikkerhet** *uvisse*
**uskikket** *uskikka, utan evne*
**uskjønnsom** *skjønlaus, uskjønsam*
**uskjønnsomhet** *skjønløyse*
**uskyldig** *skuldlaus, uskuldig, saklaus*
**uskyldighet** *skuldløyse*
**utad** *utetter*
**utarbeide** *utarbeida, setja opp, laga, forma*
**utarbeidelse** *utarbeiding, oppsetjing*
**utbetale** *betala, betala ut, reia ut, svara ut*
**utbetaling** *utbetaling, utreiing, utreisle*
**utby** *byda ut, leggja ut*
**utbytte** *vinning, vinst, utbyte*
**utebli** *ikkje koma, verta borte, ikkje møta*
**uteblivelse** *fråvære*
– **leveringens uteblivelse** *manglande levering, at leveringa ikkje kjem*
**uteblivelsesdom** *fråveringsdom, fråværsdom*
**utelate** *utelata, ikkje taka med, gløyma*
**utelatelse** *utelating, gløyming, oversjåing*
**utelukke** *utelata, skyta ut, stengja ute*
**utelukket** *utestengd, utelaten, utskoten, uråd, utenkjeleg*
**utenforliggende** *usakleg, utanomsakleg,*

*utanforliggjande*
**utenforliggende hensyn** *usaklege omsyn, utanomsaklege omsyn, omsyn som ikkje kjem saka ved*
**utenforstående** *utanforståande, som ikkje har noko med saka, nøytral*
**utestenge** *stengja ute*
**utestengelse** *utestenging*
**utestå** *stå til gode, stå ute, stå att*
**utestående** *tilgodehavande, utestående*
**utferdige** *ferda ut, utferda, skriva ut, gjeva* (*ut*)
**utferdigelse** *utferding, utskriving, utgjeving*
**utfordring** *krevjande oppgåve, utbyding*
**utforme** *skriva, forma ut, setja saman, utvikla, utforma*
**utforme dom** *skriva dom, seia dom*
**utføre** *gjera, utføra*
**utførelse** *utføring, utforming*
**– under utførelsen av sitt arbeid** *medan arbeidet vert gjort*
**– utførelsen av kunstverket** *utforminga av kunstverket*
**utførlig** *omstendeleg,* (*særs*) *grundig/noggrant/grannsamt, inngåande, utførleg*
**utgi** *gjeva ut*
**utgift** *utgift, utlegg, kostnad, utloge*
**utgivelse** *utgjeving*
**utgiver** *utgjevar*
**utgjøre** *vera, verta, gjera*
**– det utgjør til sammen** *det vert til saman/i hop*
**utgå** *gå ut*
**utholde** *tola, halda ut*
**– utholde et års fengsel** *sitja eit år i fengsel*
**– utholdt straff** *sona straff*
**utilbørlig** *misleg, utolande, uhøvisk, usømeleg, utilbørleg*
**– utilbørlig påvirkning** *misleg påverknad*
**utillatelig** *ikkje lov, utillateleg*
**utilregnelig** *ikkje skuldfør, utilrekneleg*
**utilregnelighet** *manglande skuldevne*
**utilrådelig** *som ikkje kan tilrådast, utilrådeleg*
**utilstrekkelig** *ikkje nok, rekk ikkje til, utilstrekkeleg*
**utjenlig** *utenleg, ulagleg, ugagnleg*
**utjenlig forsøk** *utenleg forsøk*
**utkast** *framlegg, utkast*
**utkastelse** *utkasting*
**utkastelsesbegjæring** *utkastingskravsmål, utkastingskrav*
**utlede** *utleia, få frå*
**utlede rett av** *som får rett frå, rettshavaren etter*
**utlegg** *utlegg, utgift*
**utlegge** *leggja ut, byda fram, tyda, tolka*
**– det utlegges på hans lodd** *han får det på sin lott, det vert utlagt på hans lott*
**utleggshaver** *utleggshavar*
**utleggspant** *utleggspant*
**utleggstaker** *utleggstakar*
**utleie** *(ei) utleige, bortleige*
**utleier** *utleigar, bortleigar*
**utlevere** *gjeva frå seg, levera frå seg, avhenda, levera ut, utlevera*
**utlodning** *luting, utluting*
**utløp** *utgang*
**– innen utløpet av** *før utgangen av, innan utgangen av*
**utløpe** *gå ut*
**utløsning** *utløysing*
**utløsningsrett** *løysingsrett, utløysingsrett*
**utmåle** *fastsetja, utmåla*
**utnevne** *nemna ut, utnemna*
**utnevning** *utnemning*
**utnytte** *nytta, nytta ut, utnytta*
**utnyttelse** *utnytting, nytting, bruk*
**utpeke** *peika ut, velja, utpeika*
**utpekning** *utpeiking, utveljing*
**utpresning** *utpressing, pressing*
**utrede** *greia ut, betala, greia*
**utredning** *utgreiing*
**utredningsplikt** *utgreiingsplikt*
**– organet har utredningsplikt i saken** *organet skal greia ut saka*
**utreiseforbud** *utreiseforbod*
**utrydde** *rydda ut, fjerna, utrydda*
**utryddelse** *utrydding, fjerning*
**utsendelse** *sending, utsending*
**utsette** *utsetja, skyta fram, setja ut*
**– utsatt iverksettelse** *utsett iverksetjing*
**utsettelse** *utsetjing*
**– utsettelse kan besluttes av retten** *retten kan utsetja …*
**utsikt** *utsyn, von*
**utskiftning** *utskifting*
**utskille** *skilja ut, skilja frå*
**utskillelse** *utskiljing, fråskiljing*
**utstede** *ferda ut, utferda, skriva ut*
**utstedelse** *utferding, utskriving*
**utsteder** *utferdar*
**utstrekning** *vidd, storleik, rekkevidd, omfang,*

*grad*
– **i den utstrekning det er nødvendig** *i so stor mon som naudsynt*
– **retten kan i den utstrekning den finner det hensiktsmessig** *slik retten synest det tenleg, kan; i den grad retten synet det tenleg, kan*
– **veiledningspliktens utstrekning** *kor langt rettleiingsplikta går*
**utstå** *tola, gå gjennom*
**utstått straff** *sona straff, ferdigsona straff*
**uttale** *seia, (å) uttala*
**uttalelse** *(ei) fråsegn, utsegn*
– **avgi uttalelse** *uttala seg, seia meininga si, gjeva fråsegn*
– **ombudsmannens uttalelse** *fråsegna frå ombodsmannen*
**uttalelsesrett** *rett til å uttala seg*
**uttrykkelig** *klårt, med reine ord, eintydig, tydeleg, utvitydig*
**utukt** *utukt, lauslivnad*
**utuktig** *utuktig*
**utvalg** *utval, nemnd*
**utvelge** *velja ut, velja, taka ut*
**utvelgelse** *val, utveljing*
**utvide** *vida ut, utvida*
– **utvidende tolkning** *utvidande tolking, utvidingstolking*
**utvidelse** *utviding*
**utviklingshemmet** *utviklingshemja*
**utviklingshemning** *utviklingshemjing*
**utvilsomt** *tvillaust, utvilsamt*
**utvise** *visa, syna, visa ut, utvisa*
**utvise forsiktighet** *vera varsam*
– **utvise utlendingen fra riket** *visa utlendingen ut frå riket*
**utvist adferd** *slik NN har fare fram, slik NN har bore seg åt*
**utvisning** *utvising*
**utøve** *setja i verk, fullføra, gjennomføra, bruka, nytta, utøva, framføra*
– **den utøvende myndighet** *den utøvande makta*
– **de utøver en lovlig virksomhet** *det dei driv med, er lovleg*
**utøvelse** *gjennomføring, bruk, nytting*
**utøvelse av makt** *maktbruk*
**uvirksom** *ute av bruk, unytta, ubruka, uverksam*
**uvisshet** *uvisse*
**uvitenhet** *utan kjennskap, ukjennskap*

# V

**valg** *val*
**valgbar** *som kan veljast, veljande*
**valgberettiget** *valfør, som har røysterett, som har valrett*
**valgkrets** *valkrins*
**vandel** *framferd, åtferd*
**vanhjemmel** *vanheimel*
**vannfall** *foss, vassfall*
**vansire** *skada, skjemma, øydeleggja*
**vanskeliggjøre** *gjera vanskeleg, laga ugreie*
**vanskelighetsgrad** *vanskegrad*
**vanskjøtte** *vanstella, vanhalda*
**varadommer** *setjedomar, varadomar*
**varebeholdning** *varelager, vareopplag*
**vareforsendelse** *varesending*
**varefortegnelse** *vareliste*
**vareta** *varveitsla, taka vare på, ha omsut for, varetaka*
**varetagelse** *varetaking, omsut*
**varetekt** *varetekt*
**varighet** *lengd, tidslengd, tid*
– **av lang varighet** *som varer lenge*
– **servituttens varighet er avgrenset til** *servitutten varer til*
– **straffens varighet** *lengda på straffa*
**varsel** *varsel*
– **kjøperen gir varsel** *kjøparen varslar, kjøparen skal varsla*
**varsle** *varsla*
**varsomhet** *varsemd*
**vassdrag** *vassdrag*
**vederheftig** *betalingsfør, pålitande, god, svaringsfør*
**vederheftighet** *betalingsevne, svaringsevne*
**vederlag** *vederlag, motyting, attgjeld, motgjeld*
**vedkjenne** *vedkjenna, vedgå*
**vedlegge** *leggja ved*
**vedlikeholde** *halda ved like, halda i stand, vøla*
**vedrøre** *koma ved, vedkoma*
**vedtak** *vedtak*
**vedtakelse** *vedtak, vedtaking*
**vedtaksdyktig** *vedtaksfør*
**vedtekt** *vedtekt*
**vedtektsbestemmelse** *vedtektsføresegn*
**vedtektsmessig** *etter vedtektene*
**vedtektsmessig** hjemsted *heimstaden oppgjeven i vedtektene*
**vedvare** *vara ved, stå ved*

**vedvarende** *vedvarande*
**vei** *veg*
**veilede** *rettleia*
**veiledning** *rettleiing*
**veiledningsplikt** *rettleiingsplikt*
**veiledningspliktens** utstrekning *kor langt rettleiingsplikta går*
**veirett** *vegrett*
**veistrekning** *vegstykke*
**veitrafikk** *vegferdsle, vegtrafikk*
**veldedig** *velgjerande*
**veldedighet** *velgjerd*
**velger** *(ein) veljar*
**vente** *venta, bia*
**verdi** *verde, verd, verdi*
– **verdien av gaven tilfaller** *verdet av gåva skal gå til NN, NN skal ha verdet av gåva*
**verdifastsettelse** *verdsetjing*
**verdiforringelse** *verdemink*
– **gjenstanden har vært utsatt for verdiforringelse** *tingen er mindre verd no*
**verdighet** *vyrdnad, ære*
– **krenke rettens verdighet** *krenkja retten, krenkja vyrdnaden for retten*
**verdireduksjon** *verdmink, verdetap*
**verdiøkning** *verdauke*
**verdsettelse** *verdsetjing*
**verge** *(å) verja*
**verge** *(ei) verje*
**verkshøyde** *verkshøgd*
**verneting** *verneting*
**verv** *verv*
**vesensforskjell** *grunnskilnad, grunnleggjande skilnad, avgjerande skilnad*
**vesentlig** *viktig, avgjerande, monaleg, vesentleg*
– **vesentlig kontraktbrudd** *avgjerande kontraktbrot, monaleg avtalebrot*
**videreforsendelse** *vidaresending*
**vigsel** *vigsle, vigsel*
**vike** *vika, stå til atters*
**viktighet** *vekt, det å vera viktig*
– **av særlig viktighet** *vera særleg viktig*
**viljesakt** *viljegjerning*
**viljeserklæring** *viljeutsegn*
**villede** *leia vill, villeia*
**villedende** *villeiande*
**villfarelse** *misfaring, mistak, villfaring*
**vindisere** *krevja att, vindisera*
**vinningsforbrytelse** *vinningsbrotsverk*
**vinningshensikt** *med tanke på vinning, vinningsføremål*
**virke** *verka*
**virkedag** *yrkedag, vyrkedag*
**virkeområde** *verkeområde*
– **lovens virkeområde** *lova gjeld for*
**virkning** *verknad*
**virksomhet** *verksemd*
**visning** *vising*
**vitnebevis** *vitneprov*
**vitneforhør** *vitneavhøyr*
**vitneførsel** *vitneføring*
**vitnesbyrd** *vitnemål, vitneprov*
**vitterlig** *klår, openberr, synberr*
**vold** *vald*
**volde** *vera skuld i, gjera, valda*
– **volde kostnad og ulempe** *skapa kostnad og ulempe*
**voldgift** *skilsdom*
**voldgiftsdom** *skilsdom*
**voldgiftsrett** *skilsdomstol*
**voldsbruk** *valdsbruk, bruk av vald*
**voldsforbrytelse** *valdsbrot, valdsbrotsverk*
**voldshandling** *valdsverk, valdshandling*
**voldsutøvelse** *valdsbruk, vald*
**voldtekt** *valdtekt*
**vurdere** *verdsetja, vega, vurdera*

# Y

**yrkesmessig** *som vedkjem yrket, yrkes-*
**ytelse** *yting*

# Æ

**ærbar** *heiderleg, sømeleg, vyrdeleg*
**ærbarhet** *sømd, ærekjensle*
– **ære og samvittighet** *tru og ære*
**ærekrenke** *ærekrenkja*
**ærekrenkelse** *ærekrenking*
**æresfølelse** *ærekjensle*
**æreskjelle** *baktala, snakka/tala stygt om, æreskjella*

# Ø

**øvrig** *annan/andre, resten, hine*
**øyeblikkelig** *straks, med ein gong, utan dryging*
**øyeblikkelig virkning** *verknad frå no*
**øyemed** *mål, føremål*
– **i sikringsøyemed** *for å sikra, til sikring, med sikringsføremål*

# Å

**åndsverk** *åndsverk*
**åpenbar** *berrsynt, klår, tydeleg, avgjord, handgripeleg*
**åpenhet** *vera open, vera gjennomsynleg, innsyn, fritt innsyn, openskap*
**åpne dører** *opne dører*
**årsakssammenheng** *årsakssamanheng*
**– adekvat årsakssammenheng** *adekvat årsakssamanheng*
**årsberetning** *årsmelding*
**åsted** *åstad*
**åstedsbefaring** *synfaring på åstaden, åstadgonge, åstadsynfaring*
**åstedsbehandling** *åstadførehaving*
**åstedsbeskrivelse** *åstadutgreiing*

## NYNORSK – BOKMÅL

**aktløyse** *uaktsomhet*
**aktsam** *aktsom*
**andsynes** *overfor, i forhold til, mot*
**atterhald** *forbehold*
**attlevande ektemake** *gjenlevende ektefelle*
**bate** *fordel*
**betalingsstogg** *betalingsstans*
**bia** *vente*
**borg** *kreditt*
**borga** *gi kreditt*
**boteråd** *hjelpemiddel*
**brigda** *endre*
**brigde** *endring*
**brotsverk** *forbrytelse*
**bruksrettshavar** *bruksrettshaver*
**bustad** *bolig*
**bustadbyggjelag** *boligbyggelag*
**døyvande råder** *alkohol eller annet funksjonsnedsettende middel*
**eigarrådvelde** *eierrådighet*
**eiga** *(å) eie*
**eige** *eiendeler, formue*
**eintydig** *entydig*
**etla (esla)** *være tiltenkt, ha til formål*
**etterrøking** *undersøkelse*
**fast tilstelling** *fast innretning*
**femna om** *omfatte*
**fengd** *fangst*
**ferdagods** *ting som er vanlige på reise*
**forelding** *foreldelse*
**fornying** *fornyelse*
**forseinking** *forsinkelse*
**framlegg** *forslag*
**fråsegn** *uttalelse*
**fråsegsett** *parkert (i bilansvarslova)*
**fullnøyande** *tilfredsstillende, fullgod*
**førebels** *foreløpig*
**førebuing** *forberedelse*
**førehandstrygd** *forhåndssikkerhet*
**førehaving** *behandling*
**føremon** *fordel*
**føremålstenleg** *hensiktsmessig, formålstjenlig*
**førerett** *fortrinnsrett*
**føresegn** *bestemmelse*
**føresetnad** *forutsetning*
**føreåt** *forut for, på forhånd*
**gild** *habil*
**gilding** *gyldiggjørelse*
**gildskap** *gyldighet*
**– gjera om inkje** *tilintetgjøre, annullere*
**gjeremål** *handlingar, virksomhetshandlinger*
**godtgjering** *godtgjørelse*
**handsaming** *behandling*
**heimel** *hjemmel*
**hjelperåd** *hjelpemiddel*
**hopehav** *fellesskap*
**høgja** *forhøye*
**høveleg** *passende*
**innetter** *innad*
**jamvel** *til og med*
**kravsmann** *kravshaver*
**kravsmål** *begjæring*
**kverrsetja** *beslaglegge*
**kverrsetjing** *beslag*
**køyredoning** *kjøretøy*
**lagsskyldnad** *felles gjeld i borettslag*
**lengja** *forlenge*
**lovnad** *løfte, forsikring gitt før vitnemål*
**lutkast** *loddtrekning*
**lægja** *redusere*
**løyva** *gi tillatelse, bevilge*
**løyve** *tillatelse, bevilling*
**løyving** *bevilgning*
**låg** *lav*
**(gjera) mannemon** *forskjellsbehandle*
**mein** *men*
**mellomlag** mellomlag, *mellomlegg*)
**midel – midlar** *formue, kapital*
**misferd** *forseelse*
**mishald** *mislighold*
**monaleg** *betydelig, vesentlig, betraktelig*
**monaleg forverring** *vesentlig forringelse*

**motsegn** *innsigelse*
**muta** *bestikke*
**mute** *bestikkelse*
**– mykje om å gjera for ein part** *om det har stor betydning for en part*
**mynde** *myndighet*
**namngjeven** *bestemt*
**naudsynleg** *nødvendig*
**nemnande** *nevneverdig*
**offentleg styresmakt** *offentlig myndighet*
**ombot** *forandring*
**omfram** *ekstraordinær, tilleggs-, uvanlig*
**omframrådgjerd** *midlertidig forføyelse*
**omskipa** *omdanne, forandre*
**omskiping** *omdannelse, forandring*
**omstende** *omstendighet*
**opphav** *opprinnelse*
**oppreisnad** *oppreisning*
**oppseiing** *oppsigelse*
**oppseiingsfrist** *oppsigelsesfrist*
**oppseiingsrett** *oppsigelsesrett*
**oppstigingsrett** *opptrinnsrett*
**oreigna** *ekspropriere*
**oreigning** *ekspropriasjon*
**orsakande** *unnskyldelig*
**orskurd** *kjennelse*
**pantsetjing** *pantsettelse*
**pengeslag** *valuta*
**rettkomen** *rettmessig*
**rettkomen interesse** *relevant interesse*
**rettleiing** *veiledning*
**rettsgild** *gyldig*
**rettshavar** *berettiget*
**rettshøve** *rettsforhold*
**rettsstell** *rettspleie, rettsvesen*
**rettsstode** *rettstilstand*
**rettstryggleik** *rettssikkerhet*
**riksråd** *statsråd*
**røyst** *(en) stemme*
**røysta** *(å) stemme*
**røysterett** *stemmerett*
**røysting** *avstemning*
**rådvald** *rådighet*
**rådvaldsband** *rådighetsbegrensning*
**rådvaldsløyse** *urådelighet, uten råderett til*
**sakgjeven** *anklaget*
**sakkunnig** *sakkyndig*
**sakførebuing** *saksforberedelse*
**sakførehaving** *saksbehandling*
**sakhandsaming** *saksbehandling*
**samanslutnad** *sammenslutning*
**samd** *enig*
**sameina** *forene*
**– kan sameinast** *er forenelig*
**samstundes** *samtidig*
**sannarord** *forsikring gitt etter et vitnemål*
**semje** *enighet*
**sjølvskuldgaranti** *selvskyldnergaranti*
**skadebot** *erstatning*
**skilsdom** *voldgift*
**skilsmål** *skilsmisse*
**skjenegangsvogn** *skinnegående kjøretøy (i bilansvarslova)*
**skjønlaus** *uskjønnsom, uforstandig*
**skjønløyse** *uskjønnsomhet, uforstandighet*
**skjønsam** *skjønnsom, forstandig*
**skjønsemd** *skjønnsomhet, forståelse*
**– skjønsvore avgjort** *skjønnsmessig avgjort*
**skuldevne** *tilregnelighet*
**skuldfør** *tilregnelig*
**skuldgjeva** *sikte*
**skuldgjeving** *siktelse*
**skuldgjeven** *siktet*
**skyldnad** *forpliktelse*
**skyta fram** *utsette*
**sluttføra** *avslutte, gjøre ferdig, fullføre*
**stadfestingsorskurd** *stadfestelseskjennelse*
**stemnemål** *stevning*
**stifting** *stiftelse*
**stode** *tilstand*
**stogg** *stans*
**stogga** *stanse*
**storleik** *størrelse*
**straffsøkt** *anklaget*
**stykbarn** *stebarn*
**styresmakt** *myndighet*
**synfaring** *befaring*
**særleg rettshøve** *særlig rettsforhold*
**særleg råderett** *servitutt*
**tarvlaus dryging** *unødig opphold*
**teieplikt** *taushetsplikt*
**tilfelleleg hende** *hendelig uhell*
**tilhøve** *forhold*
**tilhøyrsle** *tilbehør, tilhørighet*
**tilskiping** *institusjon, ordning, arrangement*
**tiltrong** *behov*
**trafikktrygding** *trafikkforsikring*
**trivnad** *trivsel*
**trong** *behov*
**trygd** *sikkerhet, forsikring, trygd*
**trygdeavtale** *forsikringsavtale*
**trygdelag** *forsikringsselskap*
**trygdeprov** *forsikringsbevis*
**trygdgjeving** *sikkerhetsstillelse*

**trygding** *forsikring*
**trygding** *sikkerhet, dvs. pengesum til sikkerhet for*
**tryggingsomsyn** *sikkerhetshensyn*
**tryggingsåtgjerd** *sikringstiltak, sikkerhetsforanstaltning*
**tuft** *tomt*
**tufteleige** *tomteleie*
**turvande** *nødvendig*
**– turvande føregjerder** *nødvendige forberedelser*
**tvillaust** *utvilsomt*
**tystnad** *taushet*
**ugild** *inhabil*
**utetter** *utad*
**utferda** *utferdige, utstede*
**utnyttingsrådvelde** *utnyttelsesrådighet*
**utreisle** *utbetaling, utgift*
**uturvande** *unødvendig*
**vandare** *verre, dårligere*
**vanta** *mangle, ikke ha*
**varsam** *forsiktig*
**varveitsle** *å ha omsorg for, varetekt*
**vederheftig** *solvent*
**vedkoma** *berøre, angå*
**vedtaksfør** *beslutningsdyktig*
**vegferdsle** *veitrafikk*
**velgjerd** *veldedighet*
**verdauke** *verdiøkning*
**verdepapir** *verdipapir*
**verdmink** *verdireduksjon*
**verdsetjing** *verdifastsettelse*
**vøling** *reparasjon, omarbeiding*
**vågnad** *risiko*
**vågnadssum** *egenandel i forsikringstilfelle*
**ymsesidig** *gjensidig*
**yting** *ytelse*
**ætta frå** *være etterkommer av*
**ålmente** *allmennhet*

# Eit lite etterord um nynorsk stil

*Av Håvard Tangen*

Serkjennet for nynorsk stil er endefram, folkeleg framleggjing. Me skal ikkje jåla oss til med framandord og lånord i nynorsk. Det same gjeld i stor mun nynorskt lovmål. Norske heimlege ord er velkomne, men ikkje tunge frasor frå gresk og latin. Då er det betre å kløyva setningi og nytta styreord (preposisjonar) og undersetningar. Det er lov å setja punktum. Å dyngja på med semikolon er òg ein uskikk.

Den fyrste lovi på nynorsk vart vedteki i 1894 og galdt frå 1. januar 1895. Ho heitte *Log um sams normaltid*. Upphavsmannen var Marius Hægstad, som den gongen sat på Stortinget for Vinstre. Sidan vart han fyrste professoren i landsmål (nynorsk) og fyrste formann i Norigs Maallag. På 1900-talet er det serskilt eit namn det stend umfram glans av når det gjeld nynorskt lovmål, Nikolaus Gjelsvik. Han var jusprofessor ved Universitetet i Oslo i ein mannsalder og sette um ei rad lover til nynorsk. Eigne lærebøker på nynorsk skreiv han òg. Ketil Skogen, den fyrste som tok juridisk embetseksamen på landsmål, og jusprofessor Knut Robberstad gjorde òg mykje for nynorsken og lettare og meir skynlegt juridisk mål.

Idealet um reint og rett mål er serskilt viktugt innanfor jussen. Her høver nynorsken godt inn. Nynorskt mål gjeng meir rett på sak, der bokmålet held seg med abstraksjonar. Me trur bokmålet hev noko å læra av nynorsken der. Når ein skal setja um frå bokmål til nynorsk, må ein i regelen finna ut meir um kva som er meiningi attum. Nynorsken krev i det heile ei tydelegare målføring. Uklåre, upresise ord og vendingar skjemmer ut målet og gjer det ugreidt å lesa og tolka. Eit folkelegt mål er best når det er so handfast og beinveges som råd er. Lat oss kalla ein spade for ein spade.

Den juridiske ordlista frå Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo gjev ikkje svar på alle spursmål som lesaren hev. Fyremålet er å lista upp framlegg til avløysarord. Mengder av ord innanfor jussen ættar frå tysk, lågtysk og dansk, og dei høver ille i nynorsk. Idealet um å nytta so få lånord på *an-* og *be-* til fyrefeste og *-heit* og *-else* til etterfeste er gamalt i nynorsk, og det gjeld i det store og heile i dag med (t.d. *anføre*, *bestyrke*, *ærbarhet* og *fastsettelse*). Dei fleste av desse ordi er òg so reint ufolkelege at vanlege folk i gata ikkje nyttar deim heller. I staden for å låna oss fram med halvdanske segjemåtar bør me leita i våre eigne gøymor, i dei norskrøtte målføri og i den rike nynorske bokheimen. Kjeldone til den norske ordskatten er i dag opnare enn nokon gong takk vere dokumentasjonsprosjekt og innsamling i bygd og by gjenom mange år. Forvitne lesarar kann søkja etter ord på Internet frå eigi maskin kvar helst dei bur, og brorparten av storverket Norsk Ordbok er fritt tilgjengeleg på heimsveven. Synonymordboki *Med andre ord* – den store synonymordboka med omsetjingar til nynorsk av Magne Rommetveit (fleire utgåvor på Det Norske Samlaget) er umissande for alle medvitne nynorsk-skrivarar.

Å skriva nynorsk sviv mykje um å hava klåre tankar um kva ein meiner. Er det meiningslause fyllord me nyttar, kann dei like gjerne strjukast. Stutt og klårt er nyttuge stikkord for god stil. Nokre gonger hev bokmålet berre eitt ord der nynorsk hev mange. Til dømes hev me det bokmålske ordet *anlegg*. Det kann tyda so mykje, og bokmålet er fullt av slike ord.

Eit motlegg mot nynorsk er stundom at folk ikkje skynar det. Tak til dømes ordet *oreigning*. Det er ikkje eit folkemålsord, segjer dei. Ja vel. Det meste kann segjast verbalt på norsk, og me legg vekt på å bruka so mykje verb og verbale segjemåtar som råd er. Visse namnord (substantiv) treng me like vel. Ei *eign* er eit gamalt ord for eigedom og finst i ordboki hans Ivar Aasen. Samanhengen med *å eiga* er lett å sjå. Styreordet (preposisjonen) *or* er folkelegt nok. Det finn me i mange norske målføre. Det tyder *frå*, *av*. Det er eit sers nyttugt ord, jamvel i jussen. *Ekspropriasjon*, som det heiter på latinsk bokmål, svarar mest ord for ord til det same. Lånordet er både tyngre, lengre og

verre å skriva rett. Folkemål kann det i alle høve ikkje kallast.

Ålment sagt skal me ikkje vera so rædde for å læra nye norske ord. Ingen er utlærde i norsk, aller minst me som hev gjenge bokmålsskulen. Eit bil var bokmålet meir ope for ordtilfang frå målføri. Men då riksmålsreaksjonen sette inn i 1950-åri, vart bokmålet mest reinska for målførelån. I staden tviheldt dei på den danske arven. Greidt nok, det er deira sak. På nynorsk sida lyt me vera opne mot målføri og den etter kvart lange tradisjonen me hev med nynorsk litteratur. Difor må me stengja av bokmålstilførsla og syta for å halda i hevd dei gode nynorske ordi. Me bør halda på gode ord som *skilnad, framlegg* og *røynsla* og ikkje lata *forskjell, forslag* og *erfaring* eta breida seg i nynorsk. Dei tri sistnemnde er slett ikkje utrydjingstruga i skriftmålet i Noreg. På lag 90 % av folket, so mange som skriv bokmål, syter for at dei ordi finst. Men sluttar nynorskfolk å nytta dei tri fyrstnemnde, ser det stygt ut for deim. I England, Tyskland og Frankrike hev mange arbeidsplassar ordbøker til å slå upp i. Der tykkjer folk det er gjævt å læra fleire ord i morsmålet sitt, endåtil når dei er vaksne. Her i Noreg er folk tvert imot byrge av å ikkje kunna vanlege nedervde norske ord. For ei stund sidan høyrde me um ein norsk mediemann, han hadde visst vore målmann i yngre år, som ikkje kjende til ordet *sømd*. Han vilde hava *sømmelegheit* i staden. Kunnskapar og folkeupplysning gjeng ikkje ut på dato.

Hypernorsk er ei onnor greft å køyra i. Dei lagar til eit kunstmål som på liv og daude skal skilja seg mest mogelegt frå bokmålet. Det var ikkje soleis Ivar Aasen tenkte. Han tok umsyn til norrønt, bygnaden i målføri og likskapen med svensk og dansk. Det er ikkje eit mål i seg sjølv å skriva avvikande frå dei andre måli i Norderlandi. Kor som er, skal me sjå alt under eit heilsyn, der til dømes måli i Vesterhavet (islandsk og færøysk) tel med, og der lik skrivemåte med bokmålet i framandord kann vera ein fyremun. Fyrr skreiv dei *chauffør* etter fransk, no skriv me *sjåfør* – båe mål. Men ordet *bilførar* er ikkje ubrukande, det heller.

Samnorsk var den store stridssaki ein gong. Det gjekk mykje på kostnad av den tradisjonelle nynorsken. Etter år 2000 hev staten endeleg sett strek for samnorskstrævet. Dette skiftet fær fylgjor for korleis me skriv. Nynorsken er her og kjem til å vera her so lenge me veit av i dag. Bokmålet hev stivna i ein meir dansknær bunad enn i 1940- og 50-åri. Jamvel radikale røyster i samfundsordskiftet evar seg ikkje med å bruka gamle former som *syv* (sju), *frem* (fram) og *bygget* (bygde). Gjelsvik og Robberstad heldt på den klassiske nynorsken med tette band til Aasen, høgnorsken. Som de ser, hev eg skrive dette etterordet i denne formi – med vilje. Målet må skifta leid og finna attende til røtene sine. I denne ordlista held me oss stort sett innanfor den offisielle rettskrivingi og hev valt å nytta *a*-infinitiv. Det er eit medvite val sidan denne infinitiven er sterkt utbreidd i det nynorske kjerneumrådet på Sudvestlandet, men syrgjeleg lite å sjå til i skriftlivet. Svensk, finlandssvensk, færøysk og islandsk held òg på *a*-infinitiv.

Bruk ordlista og bruk henne kritisk. Ikkje alle ord duger stødt til det same. Ver ikkje rædd dei norske, sermerkte ordi, men du er ikkje nøydd til å velja det ordet som skil seg mest frå bokmålet heile vegen. Gjelsvik ymsa til dømes millom ordi *attende* og *tilbake*. Ver likevel open for norskdomen, når du skriv nynorsk. Eit nynorskt mål som kappar bandi til dei typisk norske ordi og berre låner seg fram, er på lengdi ikkje liv lage. Umskriving av heile namnord kann vera ein god idé i nokre høve. *Uberettiget* heiter ikkje *uberettiga* på god nynorsk, men *utan rett, ikkje rettkomen*. Mange småe ord er lettare og ledigare stil enn samantrengde kontor- og kanselliord med upphav i København.

Purismen er sedd ned på i sume miljø. Tanken um eit reint mål er fåfengd, segjer dei. Det nyttar ikkje, og aldri vert målet reint nok. Knud Knudsen og Ivar Aasen var usamde um mangt, men purismen stod dei samstelte um. Ja, det kann hevdast at Knudsen gjekk lenger enn Aasen på denne vegen. *Unorsk og norsk* frå 1881 er ei tjukk bok der Knudsen med hard hand reinsar ut lånte fjører i norsk. Noko slikt gav ikkje Aasen ut. For eit lite mål som norsk er i den europeiske samanhengen,

er ei ordreinsing eit livsvilkår. Målreising og målreinsing lyt gå hand i hand. I ein tidsalder der engelsk trengjer seg inn i ungdomsmålet snøggare og sterkare enn nokon gong, er det ikkje mindre viktugt å hava dette i minnet. Me veit ikkje kva stoda er um hundrad år, kann ikkje vita det, og ikkje er me so fælande rædde for at norsk skal døy på dagen heller. Men eit snikande tilsig av unorske ord og frasor som undergrev vanleg norsk, er ein vokster me lyt stogga. Det rike norske ordtilfanget er ei ovgild hjelperåd i dette arbeidet.

Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo nyttar høve til å takka Sigbjørn Tore Tenfjord for eit framifrå grunnlagsarbeid med denne ordlista, og me sender òg ei hjarteleg takk til jussprofessor Kåre Lilleholt som hev vore so snild og sèt gjenom lista for oss på eit tidlegare steg. Seinare hev både Kjetil Aasen og Ole Kristian Grønneng arbeidt med ordlista. Me takkar deim òg.

Då stend det berre att å ynskja brukarane av lista lukka til med å skriva nynorsk lovmål!